

RAPPORT

Nærøyfjorden Verdsarvpark Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet

Riksantikvaren er direktorat
for kulturminneforvaltning
og er faglig rådgiver for
Miljøverndepartementet i
utviklingen av den statlige
kulturminnepolitikken.

Riksantikvaren har også
ansvar for at den statlige
kulturminnepolitikken
blir gjennomført og har i
denne sammenheng et
overordnet faglig ansvar
for fylkeskommunenes og
Sametingets arbeid med
kulturminner, kulturmiljøer og
landskap.

Besøksadresse:

Dronningensgate 13, 0152 Oslo

Postadresse:

Postboks 8196 Dep. N-0034 Oslo

Telefon: (+47) 22 94 04 00

Telefaks: (+47) 22 94 04 04

www.ra.no/postmottak@ra.no





Denne sluttrapporten er en av tolv sluttrapper fra pilotprosjektene i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Rapportene beskriver prosjektenes egne erfaringer og synspunkter. Riksantikvaren som programansvarlig, overleverer sin rapport til Miljøverndepartementet. I tillegg rapporterer forskningsinstitusjonene Nordlandsforskning og Telemarksforskning som har evaluert arbeidet i programmet.

Alle prosjektrapportene med vedlegg kan lastes ned på nettstedet ra.no eller verdiskaping.info

På nettstedet vil Riksantikvaren legge ut nyttig informasjon om hvordan kulturminner kan brukes som ressurser i samfunnsutviklingen. Aktuelle dokumenter, artikler, filmer fra alle prosjektene og lenker til videre lesing vil ligge på denne nettsiden.

Prosjektnavn: Nærøyfjorden Verdsarvpark – eit pilotprosjekt under VSP Kulturminne.

Foto omslagsbilde: Trond Taugbøl

Navn på prosjekteier: Stiftinga NærøyfjordenVerdsarvpark (NVP)

Nettside: www.naroyfjorden.no

Riksantikvaren 2011
www.ra.no



Parajett er et
Svanemerket
trykkeri
Lisens 341.630

INNHALD

| | SIDE |
|---|-------------|
| <i>Kort innleiing</i> | 4 |
| <i>Bakgrunn</i> | 4 |
| <i>Levande samfunn</i> | 5 |
| <i>Verdsarven og verdsarverdiane</i> | 5 |
| <i>Visjonen</i> | 6 |
| <i>Målsetjing</i> | 6 |
| <i>Om Nærøyfjorden Verdsaropark</i> | 6 |
| <i>Regionalpark</i> | 7 |
| <i>Omgrepsavklaringar</i> | 7 |
| <i>Organisering og forankring</i> | 9 |
| <i>Partnarskap</i> | 11 |
| <i>Utfordringar</i> | 13 |
| <i>Satsingar og tiltak</i> | 17 |
| - <i>Styrking av primærnæringane.</i> | 17 |
| - <i>Natur- og kulturbasert næringsutvikling (Kulturminnesatsinga).</i> | 18 |
| - <i>Stadformidling, vertskapsutvikling og læring.</i> | 36 |
| - <i>Skjøtsel og tilrettelegging.</i> | 38 |
| <i>Resultat .</i> | 43 |
| <i>Økonomisk oversyn.</i> | 44 |

KORT INNLEIING.

Pilotprosjektet Nærøyfjorden Verdsarvpark sin rapport frå deltakinga i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet (2007-2010) er tufta på prosessen kring etablering av ein norsk regionalparkmodell som ein heilskapeleg reiskap for natur- og kulturbasert samfunnsutvikling i Nærøyfjordområdet.

I dette landskapet har satsinga på og arbeidet i høve til brei verdiskaping kring kulturminne og kulturmiljø vore eit sentral element og viktig drivkraft.

Omgrepet "Verdsarvparken" vert i dette dokumentet nytta i fleire samanhengar og med fleire tydingar; Eit fysisk men ikkje strengt avgrensa område, ein operativ organisasjon og til slutt som nemning på ei felles forpliktande samarbeidsform.



Aurlandsfjorden mot Underdal/ Aurland.

Foto: NVP.

BAKGRUNN.

Prosesen fram til etablering av Nærøyfjorden Verdsarvpark som regionalparksatsing har gått føre seg sidan midten av 1990-talet med utgangspunkt i ei utvikling i Aurland kommune som medførte at kommunen ville ta eit eige grep om forvaltninga av landskapsressursane i kommunen. Som del av bakteppet for dette kan nemnast:

- ✓ Kraftutbygginga i Aurlandsdalen.
- ✓ Verneprosessane i Nærøyfjorden.
- ✓ Utvikling innan reiselivet.
- ✓ Verdsarvstatus. (Vestnorsk fjordlandskap)

Aurland kommune si tilnærming til desse utfordringane i fyrste omgang vart m.a. utarbeiding av ein handlingsplan for natur- og landskapsforvaltning , og eit styrka fokus på utnytting og utvikling av lokal kompetanse og kunnskapsressursar.

Den idemessige forankringa for denne prosessen var m.a. sluttdokumentet Lokal Agenda 21 frå verdskonferansen om miljø og utvikling i Rio i 1992. Lokal Agenda 21 inneber at lokale styresmakter i samråd med innbyggjarane skal komme fram til ein handlingsplan/strategi som sikrar en berekraftig utvikling av kommunen , ein ny dagsorden for det 21. århundre.

Eit forsterkande element i høve til regionalparkprosessen var ratifiseringa av Den europeiske landskapskonvensjonen som vart vedteken av alle dei 45 medlemslanda i Europarådet i oktober 2000. Konvensjonen vart sett i verk i landa som hadde ratifisert avtalen i 2004 og Noreg var her blant dei første.

Landskapet er i følge konvensjonen både ein *verdi* som skal forvaltast, men òg ein *ressurs* som kan utviklast og gje grunnlag for *ny verdiskaping*. Landskapet kan sjåast som eit *fellesgode*; både for den fastbuande, turisten og den næringsdrivande, ulike samfunnssektorar og forvaltningsnivå. God planlegging og forvaltning av landskap treng *medverknad* frå mange aktørar.

Våren 2003 vart spørsmålet om bærekraftig bruk av fjellområda og bruk, vern og verdiskaping handsama i Stortinget (St.prp.nr 65 (2002-2003), også kalla "Fjellteksten"). Der la regjeringa vekt på å vise potensialet for auka bruk av fjellområda i turistsamanheng, både innanfor og utanfor verneområda. Fokus vart òg retta mot korleis dette kan skje utan at natur og kulturhistoriske verdiar blir svekka.

Etter ein forstudie finansiert av Riksantikvaren og utarbeidd av Aurland naturverkstad i 2005, vart det arrangert ein studietur og møteserie som førte til etablering av ein prosjektorganisasjon og eit forprosjekt for etablering av ein regionalpark med nemninga "Aurland natur- og kulturpark."

Forprosjektet sitt interrimstyre utarbeidde ein søknad til Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet. Opptaket i programmet i 2007 gjorde det mogeleg å prøve ut regionalparkmodellen.

Med verdsarvstatusen i 2005 vart problemstillingane aktuelle for fleire kommunar enn Aurland og ideen om etablering av Aurland kultur- og naturpark gjekk over til å bli Nærøyfjorden Verdsarvpark.

LEVANDE SAMFUNN .

Der naturen ligg til rette for det, på stader langs fjorden og i dalane, finn vi bygder, grender og gardar. Dei fleste av bygdene og grendene er bærekraftige, moderne samfunn med fast busetnad, men nokre grender og gardar har vorte fråflytte. Nokre av desse har fått ein ny bruk gjennom turisme og friluftsliv. På kvar sine vis gjev bygdene oss eit innblikk i korleis fjordlandskapet styrer og legg tilhøva til rette for bestemte næringsformer og busetnad.

Bygdene og store og små grender utgjer til saman innbyggjarane i parken. Dei største konsentrasjonane av folk finn ein kring sentrumsområda i dei ulike kommunane. Viktigast mellom desse i parksamanheng er Aurlandsvengen. Også Lærdalsøyri og Vikøyri ligg nær verdsarvområde, og har kulturkvalitetar som naturleg kan knyte seg opp til verdsarvparken.

Tre noko mindre, men svært levande bygdesamfunn er viktige i parksamanheng både geografisk og strategisk; Flåm og Undredal i Aurland og Fresvik i Vik. Fleire små grender ligg inne i eller tett opptil verdsarvområdet. Inne i verdsarvområdet ligg Bakka, Gudvangen og Nærøy, og Stalheim. Nært opptil ligg Vassbygdi i Aurland og Frønningen i Lærdal. Ein har fleire gardar eller grender utan fast busetnad, som likevel har stor aktivitet om sommaren, som grenda Dyrdal og gardane Styvi og Stigen langs fjorden, og Sinjarheim i Aurlandsdalen.

Dei viktigaste næringane i Verdsarvparken er landbruk og reiseliv. Kraftproduksjon gjev og store inntekter til kommunane, sjølv om sysselsettinga innanfor kraftproduksjon har gått ned. Området har få industribedrifter, men nokre få av desse er likevel svært viktige for sysselsettinga i bygdemiljø i området. I Aurland er også utdanning viktig ved den vidaregåande skulen Sogn jord- og hagebruksskule. Bergverk og masseuttak er i dag ein mindre, men viktig industri. Det er knytt store forventningar til ei større utnytting av anorthosit i framtida. Reiselivsnæringa i Aurland er stor. Hovudtyngda av turismen fell på nokre få store aktørar. Desse er viktige berejlekar i kommunen. Det er likevel ei utfordring å få turisten til å bli lengre, og å oppleve naturen og den lokale kulturen på nært hald.

VERDSARVEN OG VERDSARVERDIANE.

Nærøyfjorden Verdsarvpark (Verdsarvparken) er danna kring UNESCO verdsarven Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområdet. Regionalparken inkluderer aktørar i fjordfylka Sogn og Fjordane og Hordaland som aktivt har valt ei verdiplattform som bidreg til ivaretaking av verdsarven.

Verdsarvverdiane i Nærøyfjorden er skildra slik av UNESCO:

"Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda."

"Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stolar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området."



Aurlandsfjorden juli 2010.

Foto: NVP

Kort samanfatta består verdsarvverdiane i Nærøyfjordområdet av fjordlandskap med aktive geologiske prosessar, vakkert naturlandskap frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar, og kulturlandskap som gir naturlandskapet perspektiv.

VISJONEN.

Verdsarvparken sin visjon er formulert med utgangspunkt i innhaldet i verdsarvverdiane:

Verdiskaping skjer i møtet.

Verdsarvparken skal utvikle eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremje internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling.

MÅLSETJING.

Verdsarvparken skal vere ein pådrivar for berekraftig natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen, for å oppnå ei velfungerande ivaretaking av kvalitetane i området. Verdsarvparken skal utvikle vertskapsrolla for å oppnå ein verdiskapande kommunikasjon mellom lokalsamfunnet og omverda.

OM NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK.

Verdsarvparken er sett saman av partnarar frå lokalbefolkning, landbruk, næringsliv, frivillige organisasjonar og forvaltning i området. Partnarskapet byggjer på ein partnarskapsavtale og inneber eit forpliktande samarbeid for å fremje verdsarvverdiane i Nærøyfjordområdet gjennom berekraftig utvikling. Partnarane i Verdsarvparken tek såleis eit felles ansvar for å sikre ivaretakinga av verdsarven.

Kjerneområdet og sjølve fyrtårnet i Verdsarvparken er Nærøyfjorden verdsarvområde i Indre Sogn, og i inste delen av Voss kommune (Hordaland). Dette er det sørlegaste av dei to områda som er innskrivne som Vestnorsk Fjordlandskap på Verdsarvlista (*UNESCO si liste over kultur- og naturarv av einestående verdi*). I tillegg til areal innanfor verdsarvområdet inkluderar Verdsarvparken heile Aurland kommune og tilgrensande bygder i dei tre andre verdsarvkommunane Vik og Lærdal (i Sogn og Fjordane) og Voss kommune (i Hordaland).

Verdsarvparken er ikkje i første rekke knytt opp til arealgrensar, men er tufta på eit fyrtårnprinsipp og tematisk avgrensing kring verdsarven. Verdsarvparken skal såleis utgjere ein paraply som femnar område som ligg i og nær verdsarvområdet, der landskapet har kvalitetar på verdsarvnivå og der brukarane av landskapet har eit mål om å ta vare på desse verdiane.

Verdsarv er objekt eller område som oppfyller eit eller fleire av i alt 10 ulike kriterium fastsett av UNESCO. Verdsarvområde må ha eineståande universell verdi (*Outstanding Universal Value*) i høve dei kvalitetane området representerer. I tillegg skal eit verdsarvobjekt eller -område ha ei avgrensing som sikrar at alle nøkkelement finst innanfor området, samt ei organisering av forvaltninga som sikrar at verdiane vert teke vare på for framtida. Områda skal tilføre Verdsarvlista noko nytt og være dei beste døma på emnet i verda.

REGIONALPARK.

Nærøyfjorden Verdsarvpark er ein av dei første norske utgåvene av regionalpark og er eit resultat av utviklingsprosessar som har starta på grasrota. [Etableringa sprang ut frå eit ønske om eit heilskapeleg grep om natur- og kulturbasert samfunnsutvikling og eit behov for å samordne kommunar og aktørar med tilknytning til verdsarvområdet.](#)

For å på best mogleg vis oppnå ei velfungerande ivaretaking av kvalitetane i området har Verdsarvparken ei målsetjing om å vere ein pådrivar for berekraftig utvikling med forankring i verdsarvstatusen. God ivaretaking føreset at dei som bur og verkar i området identifiserar seg med området sine kvalitetar og får høve til å vidareutvikle dei. Verdsarvparken er såleis ei satsing på samhandling om berekraftig verdiskaping i vid forstand, i tillegg til planlegging og forvaltning i verdsarvområdet. Det er m.a. eit siktemål at kommunale, regionale og statlege styresmakter inngår eit forpliktande samarbeid som kan sikre at utviklingsprosessar på grasrota vert møtt av tilpassa og tenleg tilrettelegging og forvaltning.

Europeiske regionale naturparkar har vore modell for utviklinga av Nærøyfjorden Verdsarvpark. Desse parkane er interessante døme på sameining av vern og aktiv næringsutvikling i område som i utgangspunktet har slite med svakt lokalt næringsliv, fråflytting, forfall av landskap og bygningsarv, samt arealpress frå utbyggingsinteresser og reiseliv.

Dette er utfordringar som òg gjeld for Nærøyfjordområdet, men sjølv med stor grad av likskap i utfordringar har ei direkte overføring av den europeiske modellen til norske tilhøve ikkje vore mogleg. Dette skuldast til dels skilnaden i forvaltningsapparatet, der Noreg m.a. har større og sterkare kommunar som er tillagt stor mynde som produsentar av velferdsgode og som planstyresmakt gjennom Plan- og bygningslova. Samstundes er store deler av arealet i Verdsarvparken regulert gjennom statleg lovverk (verneområde) og forvaltning gjennom Fjellstyre og Fylkesmannsembetet. Det knyter seg eigne utfordringar til å sikre ei heilskapeleg forvaltning med lokal forankring og medverknad innanfor desse forvaltningsregima.

Til samanlikning er dei franske regionale naturparkane tunge forvaltningsaktørar med omfattande styringsstrukturar som utgjer ei sterk styrande rolle i regionen. Nærøyfjorden Verdsarvpark må difor utviklast som ei norsk utgåve av ein regionalpark

OMGREPSAVKLARINGAR.

[Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap.](#)

Objekt på UNESCO si Verdsarvliste som omfattar Geirangerfjorden på Sunnmøre og Nærøyfjorden i Sogn med tilgrensande fjell og dalar.

[Nærøyfjordområdet \(Verdsarvområdet\).](#)

Det sørlegaste av dei to delområda i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap. Omfattar Nærøyfjorden, Aurlandsfjorden, fjellområde og dalar i kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss med dei busette områda Bakka, Dyrdal, Undredal, Breisnes og Nærøydalen (Sjå kart).



Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Regionalpark tufta på fyrstårnprinsipp og partnerskapsavtalar med tematisk avgrensing til verdsarvverdiane i Nærøyfjordområdet.

Verneområde.

Tre naturreservat og to landskapsvernområde innanfor Nærøyfjordområdet som er verna etter Naturvernlova. Desse er: Grånosmyrane naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Bleia naturreservat, Nærøyfjorden landskapsvernområde og Bleia-Storebotnen landskapsvernområde (Sjå kart).

Vern gjennom bruk.

I Noreg er vern av naturområde ein del av innsatsen for å bevare natur, artar og økosystem for ettertida. Tiltak som påverkar eller endrar naturen i vesentlig grad er ikkje lovleg i område som er verna etter Naturvernloven, medan tradisjonell bruk som beiting, bærplukking, tamreindrift, jakt og fiske som regel kan halde fram.

Dette gjeld òg for dei delane av Nærøyfjordområdet som er landskapsvernområde og naturreservat. Mange kulturminne er underlagt vern gjennom Kulturminnelova i form av automatisk freding eller vedtaksfreding. Gjennom Plan- og bygningslova kan kulturminne bli underlagt vernestatus gjennom regulering til omsynssone bevaring. I tillegg til freda objekt kan dette gjelde kulturminne som er av lokal eller regional verdi.

Automatisk freding gjeld alle kulturminne frå før år 1537 (t.d. bygningar, buplassar, vegfar, gravhaugar m.m.), og ei sikringszone på 5 meter rundt desse. Automatisk freding gjeld òg ståande bygningar frå perioden 1537-1650, samt skipsfunn og samiske kulturminne som er eldre enn 100 år. I det Nærøyfjordområdet er innskrive på UNESCO si Verdsarvliste, er Noreg forplikta til å ivareta dei verdiane som ligg til grunn for innskrivinga. Dersom desse verdiane skulle gå tapt vil samstundes verdsarvstatusen falle vekk.

I Nærøyfjordområdet er både naturen og delar av kulturlandskapet verneverdig, men å verne eit område utan å leggje til rette for bruk, kan i verste fall resultere i forringing av verdier. Ein nøkkel til at verdsarvverdiane skal halde fram med å vere av universell verdi, vil difor vere å finne ein god balanse mellom ivaretaking av natur- og kulturverdier og samfunnsutvikling gjennom berekraftig bruk.

Som hovudansvarleg for lokal arealdisponering har kommunane ein nøkkelfunksjon i dette. I tillegg er det her hovudinnsatsen til Nærøyfjorden Verdsarvpark vil setjast inn.

Berekraft .

Berekraft er eit mykje debattert omgrep, som kan definerast på ulike måtar. Vår forståing av prinsippet om berekraft er at økonomisk utvikling, sosial og kulturell utvikling og miljøvern verker saman og forsterkar kvarandre gjensidig.

Dette vil i praksis seie at vi i samfunnsutviklinga m.a. må rette fokus mot:

- kartlegging og bevaring av natur- og kulturverdier .
- samordning av miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske mål i planlegging og handling.
- folkeleg deltaking i avgjerdsprosessar.

ORGANISERING OG FORANKRING.

Nærøyfjorden Verdsarvpark vart etter ein lengre prosjektperiode som omtalt framom skipa som eiga stifting 25. januar 2008. Formelle stiftarar er Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland, Lærdal, Vik og Voss kommunar.

Verdsarvparken vert leia av eit styre samansett av i alt ni personar. Vedtektene fastset at fem av desse skal peikast ut av stiftarane. Dei øvrige fire skal peikast ut av parkmøtet – det årlege allmøtet for partnarar og stiftarane.

Styret .

Styret pr. juni 2010 ser slik ut:

- Ordførar Olav Ellingsen, Aurland kommune. (*Styreleiar*)
- Ordførar Arne Sanden, Lærdal kommune .
- Ordførar Marta Finden Halset, Vik kommune.
- Ordførar Gunn Berit Lunde Aarvik, Voss kommune.
- Marit Aafedt Fjærestad, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Marianne Bøthun, Parkmøtet – Fresvik bygdelaag, Fresvik.
- Leif Inge Underdal, Parkmøtet – Undredal oppleving, Undredal. (*Nestleiar*)
- Svein Tufte, Parkmøtet - Bakka grendalag, Bakka.
- Anders Tveite, Parkmøtet – Stalheim landskapsark, Stalheim.

I tillegg er det peika ut eit arbeidsutval samansett av tre styrerepresentantar (Styreleiar, nestleiar og styremedlem) som utøver ei meir operativ rolle i lag med dagleg leiing av stiftinga.

Organisasjon og fagleg nettverk.

Verdsarvparken har i dag ein organisasjon som er slik samansett:

1. Erling Oppheim, dagleg leiar.
2. Ivar-Bjarne Underdal, rådgjevar. (20%)
3. Gry B. Mørk, parkforvaltar kulturminne og formidling (pt. permisjon)
4. Silja Selfors, parkforvaltar kulturminne og formidling (vikariat for Gry))
5. Åsmund F. Dale, parkforvaltar kulturlandskap .(Tilsett 2009.)
6. Magnus Wammen, restaureringshandverkar. (Tilsett 2010, 1-års engasjement)



Bak frå v.: Ivar- Bjarne Underdal, Erling Oppheim og Åsmund F. Dale. Framme frå v. : Magnus Wammen, Silja Selfors og Gry B. Mørk.

Verdsarvparken sin organisasjon og aktivitet er i all hovudsak finansiert med prosjektmidlar frå mange kjelder. Dette er i seg sjølv ei stor utfordring men det vert arbeid målretta med å sikre organisasjonen langsiktig grunnfinansiering.

Organisasjonen som heilskap arbeider for at Verdsarvparken skal gjerast kjent i Parkkommunane og representerer stiftinga i ulike nettverk, nasjonalt og internasjonalt. Parkforvaltarane arbeider for ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap, samt formidling av kunnskap om desse verdiane. Berre gjennom ivaretaking av natur- og kulturarven vil det vere mogleg å nytte den i verdiskaping. Restaurering og skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap har difor høg prioritet innanfor Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Fleire prosjekt er sett i gang rundt om i grendene som følgje av framhjelp frå parkforvaltaren for kulturminne og formidling til ma. utarbeiding av søknadar om midlar til Kulturminnefondet og andre finansieringskjelder. Døme på slike prosjekt er istandsetjing av krigsminneanlegget på Ramsøy i Gudvangen, restaurering av strandsitjarnaust og stølsvegen Rimstigen på Bakka og restaurering av sjøbu i Undredal. Desse prosjekta er tildelt midlar gjennom Kulturminnefondet og verdiskapingsprogrammet. I alle prosjekta har Verdsarvparken sine tilsette delteke på ulikt vis frå framhjelp av søknader om finansiering til prosjektleiing/ oppfylging og rapportering. Prosjekta inngår og i ulike planar for formidling og næringsutvikling basert på natur- og kulturarv. Sjå elles omtale av kvar enkelt prosjekt seinare i denne rapporten.

Parkforvaltar kulturlandskap har medverka til planlegging , finansiering og gjennomføring av skøtelsprosjekt på ma. stader som Dorganes, Fronnes, Stalheim, Aurlandsdalen , Dyrdal og Rimstigen i Aurland og Storehaugen i Lærdal. I tillegg har parkforvaltar medverka til planlegging , finansiering og gjennomføring/ koordinering av innsats i høve til gjerde- og beiteprosjekt i Nærøydalen, Dyrdal og Fresvik. Utover dette er lagt ned ein monaleg innsats i høve rydding , istandsetjing og merking av turveggar/ -stiar. Detter er eit prioritert arbeid som vil halde fram ei tid og som venteleg vil føre til betre tilgjenge og auka kvalitativ oppleving. Sjå elles omtale seinare i rapporten.

Eit nasjonalt erfarings- og kompetansenettverk for natur- og kulturparkar, støtta av fleire departement er etablert. Aurland Naturverkstad fungerer som sekretariat for dette nettverket og vil vere ein aktiv partner i arbeidet med regionalparkar i Noreg gjennom utgreiing, planlegging, kompetansebygging, tilrettelegging og internasjonalt nettverk. Akkurat no føregår det eit utviklingsarbeid i høve til å fremje eit utkast til kriterie for godkjenning av regionalparkar i Noreg. Verdsarvparken deltek aktivt i denne prosessen gjennom eit eige arbeidsutval.

PARTNARSKAP.

Nærøyfjorden Verdsarvpark, både som organisasjon og arbeidsform, har som sitt fremste føremål :

- Å vere pådrivar for ei natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen til Nærøyfjordområdet.
- Ivareta og verne om verdsarvverdiane gjennom utvikling og bruk - medverke til ei berekraftig utvikling.
- Å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet.
- Å skape møteplassar og utvikle forpliktande partnerskap/ fellesskap mellom eit vekslende mangfald av aktørar og initiativ som fremjar parken sitt føremål.
- Å arbeide for utvikling av vertskapsrolla slik at ein fremjar ein verdiskapande kommunikasjon mellom lokalsamfunnet og omverda.

Deltaking i Verdsarvparken bygger på partnerskap der bedrifter og organisasjonar som har sitt virke i og rundt Nærøyfjordområdet kan inngå frivillige, forpliktande partnerskapsavtaler. Gjennom partnerskap dreg aktørane nytte av Verdsarvparken sin kompetanse, nettverk og merkevarer og kan kvalifisere til tilgang på øyremerkte offentlege midlar. Avtalen inneber samstundes ei forplikting om å arbeide for ivaretaking av verdsarvverdiane gjennom berekraftig utvikling.

Grunnlaget for partnerskapet og forpliktende samarbeid byggjer på 4 hovudelement:

1. Parkplanen - ein langsiktig strategi- og handlingsplan som omtalar verdiplattform/ visjon, utfordringar, målsetjingar samt peikar ut overordna tiltak og satsingar. Dette er eit sentralt styringsdokument for Verdsarvparken sitt arbeid. Ferdigstilt og godkjent av styret i 2009. *Det er vidare ei målsetjing at planen innan to år skal reviderast og forankrast hjå eigarane/ stiftarane av Verdsarvparken som ein felles kommunedelplan for verdsarvkommunane.*

Verdsarvparken sine satsingar er kort fortalt pt. :

- Styrking av primærnæringane.
- Satsing på natur- og kulturbasert næringsutvikling.
- Satsing på stadformidling, vertskapsutvikling og læring.
- Satsing på skjøtsel og tilrettelegging.
- Styrking av felles identitet og merkevere

2. Årleg handlings – og tiltaksplan som er eit resultat av ein prosess som involverer partnarar, parken sitt styre, arbeidsutval og tilsette. Handlingsplanen konkretiserer tiltak og innsats i tråd med dei langsiktige satsingane og målsetjingane. (Handlingsplan 2010 ligg ved som døme) Handlingsplanen vil frametter innehalde prosjekt som er endå meir konkrete med tanke på innhald, finansiering/ innsats og prosjektleiing. Arbeidet med handlingsplan 2011 er pt. starta opp og partnarane og stiftarane er gjennom eit eige partnarmøte oppmoda om å kome med innspel til handlingar og tiltak. Dette er og ein prosess kor ein vil setje fokus på koordinering med andre aktørar sin innsats i området slik at vi unngår for mykje parallelle satsingar og tiltak.

3. Partnerskapsavtalen – generell del.

Etablerer ei felles plattform og retning for eit forpliktende samarbeid mellom Verdsarvparken og partnaren/-ane. Byggjer på prinsippa om berekraftig bruk/ utvikling og ivaretaking av natur- og kulturverdiene i området – sjå under.

The image shows a document titled "PARTNERSKAPSAVTALE" (Partnership Agreement) for "Nærøyfjorden Verdsarvpark". The document is structured into several numbered sections:

- 1. PARTNANE INNGÅR MED DETTE AVTALE OM PARTNERSKAP.**
- 2. Mål for Nærøyfjorden Verdsarvpark.** It states the goal is to fill the Verdsarvstatusen as a holistic development platform for a regional setting of sustainable development. It lists five sub-points: 1. create an identity for nature and culture, 2. create a common identity, 3. create a framework and common management with a holistic perspective, 4. create and share competence across all relevant fields, 5. create a pilot setting on the way to a world regional park.
- 3. Arbeidet i Nærøyfjorden Verdsarvpark og partnerskapet byggjer på ein parkstule forankra i kommunestyret.** It states that the partnership agreement is an integral part of the management plan, and the agreement is signed by the park and the municipalities.
- 4. Samarbeidsområde.** It lists four areas: a. Parkstule, b. Netverksbygging, c. Verdsarvstatusen, and d. Kompetanse. Each area has a brief description of the partnership's role.
- 5. Skjøtsel og vedlikehald av natur- og kulturarven.** It describes the partnership's role in maintaining and developing the natural and cultural heritage.
- 6. Markeds- og produktutvikling.** It describes the partnership's role in developing products and services.
- 7. Samarbeid for bedriftsutvikling.** It describes the partnership's role in supporting business development.

At the bottom, there are fields for "Date:" and "Partnar:" with the website www.naroyfjorden.no listed.

4. Partnerskapsavtalen – spesiell del.

Fastset kva partane utifrå satsingane / måla i handlingsplanen kan bidra med i form av innsats/ tiltak/ økonomi mv. – anten gjennom eit år eller ein tidsperiode. Denne delen er framleis under utvikling.

Oversikt partnerar pr. dato:

| Partner | Stad | WEB |
|--------------------------------------|-----------------------------|---|
| Aurland Natur og Kulturarv | Aurland | www.anka-nett.no |
| Kystled Nærøyfjorden | | www.kystled-sogn.no |
| Haugen Gardsmat | Flåm | www.haugengardsmat.no |
| Holo Gardstun | Flåmsdalen | www.hologardstun.no |
| Li Gardstun | Aurland | |
| Stigen Gard og Turar | Aurland/ Fresvik | www.stigengard.no |
| Fresvik Bygdelag | Fresvik | www.fresvik.net |
| Underdal Grendalag og Bygdeutvikling | Underdal | www.undredal.no |
| Bakka Grendalag | Bakka | |
| Nærøy Vel | Nærøydalen | |
| Njardar Vikinglag | Gudvangen | www.njardar-vikingslag.no |
| Opplev Undredal/ Underdalsbui | Underdal | www.visitundredal.no |
| Aurland og Lærdal Reiselivslag | Aurland | www.alr.no |
| Heritage Adventures | Voss/ Stalheim/Gudvangen | www.heritageadventures.no |
| Nærøy Kulturhistoriske Anlegg | Gudvangen | www.vikingvalley.no |
| Fretheim Hotel | Flåm | www.fretheim-hotel.no |
| Gudvangen Fjordtell | Gudvangen | www.gudvangen.com |
| Stalheim Hotel | Stalheim | www.stalheim.com |
| Sogn Jord- og Hagebruksskule | Aurland | www.sjh.no |
| Ramsøy Krigsminneanlegg | Gudvangen | |
| Otternes Bygdetun | Aurland | www.otternes.no |
| Frøys Hus | Fresvik | www.froyshus.no |
| Stalheim landskapsark | Stalheim | http://stalheim.landskapsark.no/nn/ |
| IL Modig | Fresvik | |
| Flåm Oppleving | Flåm | www.flamoppleving.no |
| Dyrdal Fjordarv | Dyrdal | |
| Drego Fjellgard | Dyrdal | |
| Aurland Naturverkstad AS | Aurland | www.naturverkstad.no |
| Aurland Ressursutvikling AS | Flåm | |

Blant partnerane i Verdsarvparken i dag finn vi grendalag, lokale produsentar, representantar frå reiselivsnæringa, frivillige organisasjonar og produsentnettverket ANKA. Fleire vurderer partnerskap i dag m.a. lokale skular, fleire lokale verksemder av ulik format og storleik.

Det er og ei målsetjing at og kommunane, regionale forvaltningsorgan som Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Miljøverndepartementet, Landbruks- og matdepartementet og frivillige organisasjonar som t.d. Fortidsminneforeningen og Den Norske Turistforening teiknar partnerskap.

UTFORDRINGAR

Nærøyfjorden Verdsarvpark spring m.a. ut frå eit ønske om å møte nokre av utfordringane ein står oppe i som følge av at fjordkulturen står ved eit vegskilje. Etter at større areal innanfor området vart verna etter Naturvernlova, Plan- og bygningslova, og i tillegg vart skrive inn på Verdsarvlista, vart utfordringar knytt til forvaltning og utvikling i dei busette bygdene i og utanfor verneområda tydelege. Med UNESCO-status og auka fokus følgjer auka interesse frå reiselivsnæringa som fører med seg særskilte utfordringar knytt til vertskap og besøksforvaltning. Erfaring frå andre land viser m.a. at verdsarvstatus, med denne auka merksemda og turismen, i nokre tilfelle har gjort verdsarvstader meir sårbare.

Fråflytting frå grendene.

Målsetjinga om å oppretthalde levedyktige distrikt og lokalsamfunn, er framleis ein viktig pilar i distrikts- og regionalpolitikken. Trivsel, arbeidsplassar, infrastruktur og eit godt og likeverdig velferdstilbod er grunnleggjande for busetjing. Einskilde busette grender og bygder i kjerneområdet til Verdsarvparken kan seiast å ligge i eit marginalt sjikt for busetnad. Likevel er det nettopp desse samfunna som i stor grad medverkar til å halde opplevingsverdiane i området i hevd, særskilt i høve til reiseliv, friluftsliv og rekreasjon. Dette skuldast m.a. at landbruket framleis er ei viktig, men marginal næring i desse bygdene.

Dårleg økonomi i landbruket og fleire deltidsbruk gjer at menneska vert pressa ut frå gardane. Konsekvensen er nedgang i talet menneske på gardane og i bygdene. Det vil igjen seie at færre har direkte føling med utfordringane til bøndene. Den sviktande økonomien i næringa, einsemda i yrket og belastningar som verneforskrifter og skiftande klimatisk tilhøve er erfaringar som vert delte av stadig færre i bygdene.

Fråflytting frå bygder og grender kan samstundes skuldast eit for einsidig fokus på tradisjonell næring knytt til bygdeidentitet. Skal ei bygd lukkast i å oppretthalde folketalet, må det i tillegg vere rom for andre næringar, for gründerar og innflyttarar.

Nedbygging av landbruket.

Landbruket er ein av faktorane som bidreg til den opplevingsverdien som er å finne i landskapet i Verdsarvparken. Ei dagsaktuell problemstilling er den dramatiske omstillinga i landbruket. I parkområdet aktualiserar dette eit tidsskilje frå volumproduksjon til nisjeproduksjon. Stadig fleire i landbruket ser nye moglegeheiter i å tilby innhald i eit til no relativt gjennomfartsdominert og passivt reiselivsprodukt. Sentrale spørsmål i den samanheng vert då om den regjerande transport-, overnattings- og serveringsfokuserede reiselivsnæringa kan finne eit interessefellesskap med den nye opplevingsbaserte landbruksnæringa? Kan ei slik økonomisk utvikling sameine vern og utvikling på ein forpliktande måte?

Vertskapsrolla - å stå med ryggen eller andletet mot gjestane?

Utfordringane knytt til vertskapsrolla og møtet med turismen i fjordbygdene er mange. I Nærøyfjordområdet er det eit motsetningstilhøve mellom utviklinga av området som turistmagnet og måten dei fastbuande opplever møtet med dei tilreisande.

Den raskt aukande mengda turistar i området har gjeve mange ei oppleving av å bli "kikka på". Dette har til tider resultert i det som kan opplevast som negative møte mellom lokal befolkning og tilreisande, som t.d. kjensla av at turistane unngår å veksle ord og blick med dei som har sitt daglege verke i området. Slike tilhøve gjer noko med dei som kiker si vurdering og verdsetjing av produktet, og likeeins noko med sjølvbiletet til dei som blir kikka på.



Turistskip glir forbi Bakka på veg inn Nærøyfjorden. Foto: Aurland.com

Som følgje av etableringa av Nærøyfjorden Verdsarvpark og ei meir medviten haldning til det faktum at folk vil halde fram med å komme til området, har nye tankar kring vertskap slått rot blant fastbuande i området (meir om dette under).

Press på verdier.

UNESCO- og vernestatus gjer at arealet som står til rådvelde for utvikling er avgrensa og at attraktiviteten i området har auka. Dette fører til meir press på verdiane i området, stikk i strid med rammene og målsettinga for landskapsvernet.

Reiseliv - besøksforvaltning og tolegrensar.

Fjordane var mellom pionerane i framveksten av det moderne reiselivet i Noreg, og fjordlandskapet er framleis eit av dei viktigaste ikona i marknadsføringa av landet som reisemål. M.a. syner statistikken at kvar sjette turist på reise i Noreg kjem til Aurland. I kjerneområdet for Verdsarvparken finn vi den største fjordcruisestrekninga i Noreg, Flåm-Gudvangen, pakkeproduktet "Norway in a Nutshell", Flåmsbana og ein veksande cruiseskipstrafikk. Desse reiselivsprodukta gjer at vi snakkar om trafikktal for gjennomgangstrafikk som i norsk målestokk kanskje kan kallast for masseturisme.

Den korte turistsesongen vi tradisjonelt har hatt i Fjordnoreg gjer sitt til at trykket av reisande blir stort når det står på, og etterlet seg eit tomt rom resten av året. Dette medfører både slitasje på natur og anlegg og på menneskelege ressursar og lokalsamfunn ved at det ikkje gjev grunnlag for heilårs arbeidsplassar. I ei reiselivsundersøking for Flåm Utvikling frå 2008, kjem det m.a. fram at mange turoperatørar opplever den store mengda turistar som ei negativ side ved staden. Reiselivsbransjen tek slike resultat på alvor og arbeider aktivt med utviding av sesongen for å betre situasjonen.



Kajakkpadlarar ved Bakka. Foto: Anita F. Hylland.

har slått leir på innmarksområde langs fjorden at dette har gått ut over landbruksaktiviteten.

Dei små grendene som ligg innanfor verdsarvområdet opplever eit stort påtrykk av turistar, utan å oppleve verdiskapings-effektar lokalt. Dette skuldast til dels manglande ressursar når det gjeld kompetanse på produktutvikling, manglande tilretteleggingstiltak og besøksforvaltning.

Mangelen på kunnskap fører og til at produkt som tilsynelatande er berekraftige kan føre til press på verdier. T.d. har det vore tilfelle der eit så stort antal kajakkpadlarar

Arealbruk

Motstridande ønskje om arealbruk er ikkje uvanleg i kommunane, men vert eit særskilt sårbart tema der det er stor grad av verneverdier. Gjennom ei samla Parksatsing er målet å få alle aktørar til å dra lasset i same retning og voneleg sjå at alle vil vinn meir dersom natur og kulturverdiane vert haldne i hevd og vist omsyn til i arealplanlegginga.

Klima

Skiftande klimatiske tilhøve, og særskilt auka nedbørmengder kan m.a. føre til auka risiko for skred. Frå 1. januar 2009 har NVE det overordna ansvaret for statlege forvaltingsoppgåver innan førebygging av skredulykker. Målet med det statlege engasjementet er å skape tryggare lokalsamfunn og auka samfunnstryggleik ved å redusere risikoen ved skredulykker. Kunnskapen om skredfarlege område skal bli betre og informasjon frå Noregs vassdrags- og energidirektorat meir tilgjengeleg.

Dette vil betre grunnlaget for å ta omsyn til skredfare ved arealplanlegging, utbygging, prioritering av sikringstiltak og beredskapsarbeid.

Aurland er ein av få kommunar i fylket som har budd seg på dei komande klimaendringane gjennom kartlegging av skredfare knytt til auka nedbørmengde. Som resultat sit kommunen att med lite trygt areal, noko som legg band på framtidig arealplanlegging i kommunen.

Som følge av klimaendringar opplever vi òg ei heving av skoggrensa, som i kombinasjon med opphør i bruken av stølsområda fører til tap av biologisk mangfald og svekka opplevingsverdiar i høgtliggjande område.

Vern av verdiar kombinert med utvikling og verdiskaping lokalt

Lokalsamfunnet som Verdsarvparken femnar om har vore gjennom ei rekkje verneprosessar der verdifulle naturområde og kulturlandskap er verna av nasjonale omsyn. Vernet omfattar alle vernekategoriar etter Naturvernlova og dekkjer i Aurland kommune meir enn 1/3 av det totale arealet. Dette skaper ofte barrierar for lokal utvikling.

Forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet gjev retningslinjer for bruk av kultur- og naturverdiar i området. Til tross for generelt forbod mot inngrep i kulturminne er det opna for restaurering og bruk av t.d. gamle stølshus og vegar.

Spørsmålet om bruk og vern er eit tema ein stadig kjem attende til, men rammene for balansen i dette tilhøvet er i liten grad utprøvd i praksis. Stortingsmelding 25, Lokal vekstkraft og framtidstru, om distrikts- og regionalpolitikken, skisserer eit samarbeid mellom fleire departement om vidareføring av arbeidet med å utvikle kunnskap om tilhøvet mellom bruk og vern, mellom anna når det gjeld auke i næringsverksemd i og rundt verneområda.

Eit døme på samarbeid er utprøvinga av målstyrt forvaltning i regi av Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet. Målet er å skaffe fram kunnskap og metodar for å vurdere korleis ulike aktivitetar påverkar fastsette forvaltningsmål gjennom fem pilotprosjekt. Dette skal gje betre grunnlag for å vurdere om tiltak eller aktivitetar kan halde fram eller bør endrast eller avviklast heilt. Resultata kan bli eit supplement til dagens forvaltning.

Berekraftig reiseliv i verdsarvområde og generelt er og satsingsområde for både Miljøverndepartementet og UNESCO. I den samanheng vert det hevda at gode strategiar for turisme er gode strategiar for lokalsamfunnet, og at det som vert kravd er god prosjektleiing, dialog mellom aktørar og at tiltaka inngår i større strategiar.

Verdsarvparken er på god veg til å lukkast med nettopp dette ved at lokalsamfunna innanfor parkområdet vil ta grep om utfordringa i høve bruk og vern gjennom berekraftig utvikling og næring, der ressursane i landskapet kan nyttast på nye måtar.

SATSINGAR OG TILTAK .

Parkplanen synleggjer Verdsarvparken sine overordna satsingar og tiltak og er resultat av ein open prosess som m.a. har involvert partnarar, kommunane (stiftarane) og fylkesmenn, fylkeskommunane.

Alle satsingane og tiltaka har som siktemål, anten direkte eller indirekte, å medverke til ivaretaking av verdsarvverdiane, og overlappar kvarandre m.o.t. å møte delmåla.

Satsingane og tiltaka er likevel forsøkt skildra kvar for seg.

1. Styrking av primærnæringane

MÅL

Landskaps- og kulturminneskjøtsel
Utvikling av lokal næring
Busetnad og livskvalitet

SATSING/TILTAK

Styrking av primærnæringane

Ei styrking og stimulering av primærnæringane landbruk, fiske og jakt er essensielt for å halde busetjinga oppe i grendene og bygdene, for å oppretthalde dei unike landskapsverdiane som oppstår i møtet mellom menneskeleg verksemd og storslagen natur, og for å oppretthalde grunnlaget for natur- og kulturbasert næring som opplevingsnæring og lokal matforedling.

Innsats og tiltak:

* Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.

Etter initiativ frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap vart det i 2007 utarbeidd ein tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyane. Planen som inneheld fire bidragsordningar (areal, beite, investering og kulturlandbruk) peika på at det vil vere naudsynt med tilføringar på omlag 4,4 millionar pr. år for å oppretthalde landbruket og ivareta kulturlandskapet i Nærøyfjorden verdsarvområde. Ordninga prioriterer aktive bruk i verdsarven men opnar og for at bruk med utanfor som nyttar området til beite og kan inngå avtale om beitebidrag. Ordninga er eit supplement til andre tilskotsordningar tilgjengelege gjennom landbruksforvaltninga.

Fram til 2010 vart det sett av 2,4 millionar til oppfylging av tiltaksplanen i Nærøyfjordområdet, som eit spleiselag mellom Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet. LMD sitt bidrag til ordninga vart vidareført gjennom jordbruksforhandlingane i 2110.

Verdsarvparken gjennom verdsarvsekretariatet har delteke i utforminga av denne tiltaksplanen og arbeider vidare for å styrke økonomien i tråd med målsetjingane.

* Fond for fellesgodefinansiering

Verdsarvparken har i prosjektperioden arbeid for oppretting av eit Kulturlandskapsfond – seinare kalla eit «Fond for fellesoppgåver i kultur- og opplevingslandskapet». Fondet hadde som siktemål å etablere ein samfinansieringsmodell for fellesoppgåver i Nærøyfjordområdet med særleg fokus på ivaretaking og utvikling av kultur- og naturverdiane. Med andre ord etablere eit direkte og lokalt samarbeid mellom dei som sel opplevingane, som regel reiselivsverksemdar av ulike slag, og dei som held vedlike, ivaretek og utviklar dei same verdiane.

Dei største transportørane vart etter ein førebuande prosess invitert til å legge eit friviljug bidrag i fondet, men trass positive signal under drøftingane i arbeidsgruppa vart det etter kvart tydeleg at det ikkje var nokon reell vilje til ei slik handling.

Arbeidet vil likevel halde fram etter målsetjinga men er sett på vent til tida synest vere moden for vidare handling/ tiltak.

2. Natur- og kulturbasert næringsutvikling

Ei viktig satsing for Verdsarvparken er å legg til rette for utvikling av natur- og kulturbasert næring. Innanfor natur- og kulturbasert næring ligg det eit spenn frå opplevingsprodukt til mat- og handverksprodukt, og i botn for dette ligg det god ivaretaking av natur- og kulturverdiar, m.a. i form av skjøtsel, vedlikehald og restaurering.

Utvikling av slik næring kan generere aktivitet innan primærnæringane, oppleving og kultur, reiseliv, byggebransjen og eigedomsutviklinga (jf. St. meld. nr 16 2004-2005 "Leve med kulturminner").

Nærøyfjorden Verdsarvpark har etablert samarbeid til næringsutviklingselskap i området. Mellom desse er det tettast band til Aurland Næringshage som m.a. opererer ei særleg satsing på utvikling av økoturisme i Noreg, noko som kan vere ein måte å leggje eit godt grunnlag og rammeverk for natur- og kulturbasert næring.

Verdsarvparken har òg eit viktig samarbeid med Aurland Natur- og Kulturarv (ANKA), som driv aktivt med utvikling av lokale bedrifter med basis i natur- og kultur og lokale ressursar. Parkarbeidet skal vere med å legge til rette for vidare drift og vidareutvikling desse næringane.

Saman med reiselivsnæringa arbeider Verdsarvparken for å utvide turistsesongen til å gjelde heile året og å auke talet overnattingsdøgn pr. gjest. På den måten vil ein kunne medverke til berekraft og volumauke i ei pressa reiselivnæring som samstundes er ein viktig motor i busetnaden i distrikta. Målgruppa for ei slik satsing er turistar som søker ekte opplevingar med god kvalitet. Auka bruk av natur- og kulturverdiane vil gi grunnlag for slike opplevingar, som t.d. kan vere fotturar, skiturar, fiske og jakt, matopplevingar og ny og gamal tradisjon knytt til årstidene. Nyleg inngått partnerskap med Aurland Ressursutvikling AS og samarbeid omkring etablering av Nærøyfjorden Verdsarvpark som vertskapsregion er ei spanande satsing framover.

Fleire aktørar, som t.d. Indre Sogn Kystlag og Vik/Fresvik arbeider med reiselivsprosjekt som ev. kan gå inn i felles satsingar og tiltak.

MÅL:

Verdsetting og god forvaltning
Landskaps- og kulturminneskjøtsel
Utvikling av lokal næring
Busetnad og livskvalitet

SATSING:

Natur- og kulturbasert
næringsutvikling.

Innsats og tiltak:

* Kulturminnesatsinga

Verdsarvparken si deltaking i VSP kulturminne opna for ei særleg satsing på istandsetjing og verdiskaping med grunnlag i kulturminne og kulturmiljø. Gjennom parkforvaltar kulturminne og seinare parkforvaltar kulturlandskap og restaureringshandverkar, har verdsarvparken kunne yte kompetent framhjelp i samband med søknad om finansiering, gjennomføring/ oppfylging samt rapportering i samband med ei rekkje restaureringsprosjekt. I fleire av prosjekta har Verdsarvparken og bidrege med økonomi.

Nedanfor føl omtale og status i dei enkelte prosjekta:



- Objekt/status:** Den fråflytta fjellgarden Nedbergo som ligg fritt til over Aurlandsfjorden, har eit særmerkt bygningsmiljø og landskap. Utgjer svært viktige kulturlandskaps element i verdsarvområdet. Nedbergo har ein godt synleg og sårbar plassering i verdsarvområdet, med stor eksponering mot ålmenta. Bygningane og kulturmiljøet dei er ein del av, er viktige kulturhistoriske dokument og har ein høg grad av autentisitet.
- Tiltakshavar:** Eigar bruk 55/1: Lars Nedberge.
Eigarar bruk 55/2: Torill Nedberge Klevmark, Grethe NedbergeEsbensen, Idunn Synneve Nedberge Hille, Ole Kristian Nedberge, Stein Magne Nedberge, Tove Oddny Nedberge.
- Tiltak/handling:** Restaureringsplan og skjøtselsplan. Restaureringsprosjekt.
- Aktørar:** Eigarar og brukarar, NVP, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Aurland Naturverkstad, Aurland kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Statens Naturoppsyn.
- Målsetjing:** Å ta vare på eit av dei viktigaste kulturminna/-miljøa i området. NVP utarbeider ein samla restaureringsplan som grunnlag for istandsetting av bygningar og bygningsmiljø. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har under utarbeiding framlegg til skjøtselsplan for ivaretaking av kulturlandskapet. I planen inngår å få i stand brygge for å betre tilgjenge, stinettverk skal skiltast, og tilordning av kvileplassar. Tiltak for å halde kulturlandskapet i hevd. Nedbergo representerer eit heilskapleg produksjonssystem og kulturlandskap, og gjennom restaureringsplan og skjøtselsplan er det god von om å lukkas med å ta vare på eit av dei viktigaste kulturminna i området.

- Finansieringskjelder:** Ikkje klart. Søkt og fått tilsegn frå Kulturminnefondet haust 2010. Søkt ordninga "Tilskot til kulturminne på Verdsarolista."
- Gjennomføring:** Det er tidligare frå fleire kantar teke initiativ til restaurering av bygningsmiljøet utan at dette har resultert i noko heilskapleg plan over status, kostnad og realistisk gjennomføring. Ein heilskapleg restaureringsplan for dei to bruka er no under utarbeiding. Framhjelp tilsøknadar om finansiering hausten 2010. Oppstart restaurering av løe og stabbur sommar 2011. Samstundes vert det arbeida med skjøtselsplan.
- Verdiskaping/resultat:** Sosial verdiskaping gjennom at prosjektet bidreg til fellesskap, samhandling/samarbeid og lokalt engasjement. Kulturell verdiskaping gjennom ivaretaking av kulturminneverdiar og formidling av lokal identitet, kunnskap og historie knytt til kulturarven. Miljømessig verdiskaping gjennom å bidra til eit godt kulturmiljø.
- Bidrag frå NVP:** Administrasjon og produksjon av søknadar frå parkforvaltar kulturminne. Utarbeiding av restaurerings- og tiltaksplan frå handverkar. Koordinering av tiltaka. Prosjektoppfylging. Handverkstenester.

EILERTSTOVA – OTTERNES BYGDETUN.



- Objekt:** Eilertstova, eit av 27 hus på klyngjetunet Otternes, som ligg mellom Aurlandsvangen og Flåm. Opprinneleg røykestove frå tidlig 1700-tall eller tidlegare. Til tross for stor utskifting, så er bygget totalt sett svært autentisk og representerer ei sjeldan stovetype i Sogn. Utgjer ein viktig del av husrekka 22-25 som har vesentlig verdi for heilskapen i tunet. Otternes er ein viktig arena for bærekraftig natur- og kulturbasert verdiskaping, der det også drives tradisjonelt landbruk og skjøtsel av kulturlandskapet rundt tunet
- Tiltakshaver:** Otternes er eigd av Aurland kommune. Drift i privat regi, Laila Kvellestad.
- Tiltak/handling:** Restaureringsprosjekt og kurs.
- Aktørar:** Otternesgruppa/styret for Otternes, Driftsansvarlig Laila Kvellestad, Aurland kommune, ANKA-nettverket, Nærøyfjorden Verdsarvpark m. fl.
- Målsetjing:** Mål å sette bygningen i stand slik at heilskapen i tunet kan bevarast. I tillegg er det planar om å halde kurs i komposisjonsmåling og istandsetjing av vindauge i samband med restaureringa.
- Finansieringskjelder:** KMF, Aurland kommune, NVP
- Gjennomføring:** Kommunen har ansvar for gjennomføring og vil legge ut anbod hausten 2010. Planlagd gjennomføring 2011.
- Verdiskaping/resultat:** Grunnlag for økonomisk verdiskaping gjennom å vera ein del av eit bygdetun/museum. Ivaretaking av bygningen og heilskapen ved Otternestunet gjev godt grunnlag for sosial og kulturell verdiskaping. Miljømessig verdiskaping gjennom å ta vare på kulturmiljøet som Otternes er ein del av, og gjennom gjenbruk av bygningar og materiale.
- Bidrag frå NVP:** NVP er ein pådrivar for god forvaltning av Otternestunet, slik at det vert teke vare på og utvikla på ein god og bærekraftig måte. Har vært pådriver overfor kommunen for å auke løyvingane til restaurering og tilrettelegging for drift og konsolidering av Otternesgruppa til eit styre. NVP har bidrege til kopling mellom Otternes og fylkeskommunen si kulturavd. Har bidrege til søknad om midlar til restaurering. Har inngått sekretariatsavtale med styret for Otternes, der NVP bl.a. får ansvaret for gjennomføring av søknadsprosessar og oppfølging/rapportering av prosjekter. Har i tillegg løyvd 50 000 til gjennomføring av kurs.



- Objekt:** Almastova i Aurlandsdalen. Enkelt stovehus sett opp under ei diger steinblokk i ly for årvisse steinsprank og skred. Laftastova vart flytta til Almen på 1800-talet, man kan vere frå 16-1700 talet opphaveleg.
- Tiltakshavar:** Eigjar, Bente Steine
- Tiltak:** Restaureringsprosjekt. Det har tidlegare vore utført restaureringsarbeid i to periodar, men no trengs vidare restaurering av tak, vegg og dør.
- Aktørar:** Aurlandsdalen Kulturlandskap (AK) er initiativtakar, NVP gjennom sekretariatsarbeid for AK , Venner av Aurlandsdalen
- Finansiering:** SMIL, ECO Vannkraft, Stiftelsen UNI, Aurland ressursutvikling
- Gjennomføring:** Restaureringsprosjektet er del av ein lang prosess med istandsetting av bygningar Aurlandsdalen. Aktuelle tiltak er berre delvis sett i gang pga av manglande fullfinansiering.
- Verdiskaping/resultat:** Prosjektet har sosial, kulturell og miljømessig verdiskapingspotensiale.
- Bidrag frå NVP:** Sekretariatsarbeid for Aurland Kulturlandskap, utarbeiding av søknad, administrasjon og prosjektoppfølgning, handverkstenester.

KÅRSTOVA PÅ SINJARHEIM – AURLANDSDALEN.



T.v.: Restaureringshandverkar Magnus Wammen smir vindushengsle og beslag. T.h.: På tunet. Kårstova til høgre i biletet.
Foto: Nærøyfjorden Verdsarvpark.

- Objekt:** Sinjarheim er ein gammal fjellgard med stor kulturhistorisk og antikvarisk verdi. Kårstova vart flytta dit og sett opp kring 1850, men har deler frå ulike epokar. Ho representerer typisk vestnorsk byggeskikk, men har også uvanlege moment og fine snekkardetaljar. Garden er fråflytta, men vert i dag nytta m.a til stølskurs i regi av Sogn jord- og hagebruksskule.
- Tiltak/handling:** Restaureringsprosjekt. Istandsetting av kårstova gjennom utbetring av værvegg ved skifting av utvendig kledning og overflatebehandling. Takspærre skal reparerast og to eldre vindauga skal restaurerast og monterast.
- Tiltakshavar:** Eigar, Inge Olai Sønnerheim
- Aktørar:** Aurlandsdalen Kulturlandskap (AK) er initiativtakar, NVP gjennom sekretariatsarbeid for AK , håndverkarar Håkon Gøthesen og Magnus Wammen,.
- Finansiering:** KMF, NVP, ECO Vannkraft, SMIL
- Gjennomføring:** Istandsetting av Sinjarheim har vore prioritert i lang tid, og restaureringsprosjektet er del av ein lang prosess. Gjennom mange år er det lagt ned utallige dugnadstimar på Sinjarheim. Aktuelle tiltak var planlagd gjennomført i 2009, men ikkje fullført pga manglande materialtilgang (helikopterfrakt for seint i sesongen). Noko arbeid er gjort i 2010, men ikkje fullført pga manglande handverkstilgang. Planlagt fullført sommaren 2011.
- Verdiskaping/resultat:** Prosjektet har sosial, kulturell og miljømessig verdiskapingspotensiale. På sikt også økonomisk gjennom mogleg utleige av kårstova til turistar.
- Bidrag frå NVP:** Sekretariatsarbeid for Aurland Kulturlandskap, utarbeiding av søknad, administrasjon og prosjektoppfølgning, handverkstenester.

LEIM – SKJERDAL.

Objekt:

Selet på stølen Leim i Skjerdal. Bygd i tømmerlaft og var flytta til stølen Leim i 1880 frå garden Kvam i Aurland. Selet består av lafta rom med golv og kjellar (natursteinmur) og skot i bindingsverk med jordgolv. Selet har bølgeblikktak som er lagt oppå det gamle torvtaket. Skotet har enkelt bølgeblikktak.



Tiltakshavar:

Eigar, Anne Karin Hatling og Harald Skjerdal.

Tiltak:

Restaureringsprosjekt. Fortsterking av vegg og nytt panel for å beskytte mot vidare råteskader. Restaurering av eksisterande vindaug. Utbetring av vegg og dører i skotet. Mønevegg må ha ny panel og veggen mot det nye ysteriet må ha ny dør. Restaurering av taket gjennom å løfte taket på skotet og forlengje platene slik at vi får betre takutstikk og vern mot regn. Taket må brannsikrast rundt pipa og ovnsrør må byttast. Oppmuring av grunnmuren der den er i ferd med å gli ut litt. Golvbjelkane må jekkast litt opp og forsterkast.

Aktørar:

Eigar, NVP

Målsetjing:

Selet ,som etter restaurering skal fungere som budeiebustad og vedlager i samband med ysting , inngår i ei privatinitiert satsing på bærekraftig næringsutvikling knytt til dei lokale ressursane til garden Skjerdal. Eit nytt stølsystem og fjøs med melkestall er samstundes under bygging på Leim. Planane er å produsere ost og tilby opplevingar til turistar, og å lage til ein stølskafé. Produksjon av geitost og stølsopplevingar til turistar og stølen vil få nytt liv bygd på tradisjonell stølsdrift.

Finansieringskjelder:

KMF, SMIL, egne midlar, dugnad.

Gjennomføring:

Oppstart 2009, planlagt slutført 2011. KMF har sett som føresetnad for tilskott at nytt bygg (stølsystem) underordnar seg eksisterande seterstove. Vanskeleg kriterie å oppfylle og er i dialog med KMF om dette. Viktig problemstilling i høve til moglegheiter for økonomisk verdiskaping.

Verdiskaping/resultat:

Miljømessig verdiskaping bl.a. gjennom gjenbruk av bygningar og materialar. Sosial og kulturell verdiskaping gjennom ivaretaking av tradisjonelt stølsbruk og formidling av dette. Økonomiske verdiskaping gjennom sal av geitost og stølsopplevingar.

Bidrag frå NVP:

Verdsarvparke har støtta opp om eigar sine planer med restaurering av selet gjennom kvalitetssikring av søknad til Kulturminnefondet og handverksfaglige tenester.

NAUST – STYVI.

Objekt:

Naust på Styvi. Lafta naust på tørrsteinsmur, truleg er frå 1800-talet. Bygningen har ei særst sentral plassering i verdsarvområdet og Nærøyfjorden landskapsvernområde, og blir sett av dei fleste turistane som vitjar Nærøyfjorden enten frå båt på fjorden, eller dei kjem gåande via den gamle postvegen frå Holmo til Styvi. Naustet er ein del av eit heilskapleg bygningsmiljø, og det einaste som er att på Styvi. Tidlegare fands det mange slike naust langs fjorden, men mange av dei er no rivne eller ombygde. Naustet er såleis ein særst viktig representant i formidlinga av livet langs fjorden.



Tiltakshavar:

Eigar Thorbjørn Sund

Tiltak/handling:

Restaureringsprosjekt. Istandsetjing av naust med særst sentral plassering i verdsarvområdet. Ligg i eit bygningsmiljø med særskilt verdi som kulturmiljø og opplevingsressurs. Gjenoppmuring av tørrmur, skifte av råteskadd materiale og sikring av tak.

Målsetjing:

Ivaretaking av viktig kulturminne. Naustet er ein god representant for dei typiske nausta i Nærøyfjorden, mange naust av denne typen er i dag ombygd eller forsvunne. Det er difor viktig at dei attverande nausta vert sett i stand og teke vare på for framtida. På Styvi er det i mange år gjort ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskapet og det er inngått skjøtselsavtalar med Fylkesmannen/Statens naturoppsyn, slik at Styvi igjen står fram som ein gard med aktivt bruk. Prosjektet inngår dermed som ein lekk i ein større samanheng der satsing på kulturlandskapsskjøtsel, bygningsrestaurering og tilgjengeleggjering av verneområda for ålemta går hand i hand.

Aktørar:

Eigar, NVP, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Statens Naturoppsyn

Finansieringskjelder:

Ikkje klart. Søkt KMF haust 2010.

Gjennomføring:

Oppstart 2010 og sluttrapportering haust 2011. Muren skal restaurerast ved hjelp av murarar frå Nepal, under leiding av Statens Naturoppsyn.

Verdiskaping/resultat:

Ivaretaking av bygningen og heilskapen ved Styvi gjev godt grunnlag for sosial og kulturell verdiskaping. Miljømessig verdiskaping gjennom å ta vare på kulturmiljøet som naustet er ein del av, og gjennom gjenbruk av bygningar og materiale.

Bidrag frå NVP:

Hjelp til søknadsarbeid og prosjektoppfølgjing/rapportering. Utarbeiding av tiltaksplan og kostnadsoverslag.

VIDME – FLÅMSDALEN.



- Tiltakshavar:** Eigarane Steinar og Anne Lise Vidme, Flåm.
- Objekt:** Kulturlandskapet ved høgdegarden Vidme i Flåmsdalen.
- Tiltak:** Forprosjekt, tilrettelegging av turvegar. Kartlegging og tilstandsrapport over dei gamle vegane knytt til garden. Rapporten gjev ei oppsummering av faste kulturminne på garden og presenterar eit forslag til kultursti.
- Aktørar:** Eigarar, Aurland Naturverkstad, NVP
- Målsetjing:** Bevaring og formidling av kultur- og landskapsverdiar. Prosjekt med fokus på ivaretaking av viktige kulturminneverdiar i området, samt betre tilgjenge for opplevingar og formidling av natur- og kulturverdiane. Forprosjektet skal fungere som eit utgangspunkt for vidare arbeid med tilrettelegging av området for turistar. Planen er eit verktøy som fremjar ivaretaking av gamle vegar som kulturminne og opplevingsrike fotturar, etablering av kultursti og kanalisering av ferdsle ved enkle tilretteleggingstiltak.
- Finansieringskjelder:** KMF, Flåm Utvikling AS, SMIL, NVP
- Gjennomføring:** 2008-2010. Aurland Naturverkstad står ansvarlege for rapporten. Arbeidet er gjennomført i dialog med grunneigarane og i samarbeid med NVP ved kulturminneforvaltar Gry Mørk og landskapsforvaltar Åsmund Finsrud Dale. Sluttrapportering haust 2010.
- Verdiskaping/resultat:** Forprosjektet legg til rette for formidling av kulturarven og naturen som er karakteristisk for området. Bidreg dermed til sosial og kulturell verdiskaping. Miljømessig verdiskaping gjennom tilrettelegging av miljøvenleg turtilbod til turistar.
- Bidrag frå NVP:** NVP har gitt finansiell støtte til prosjektet, samt bidrege med søknads- og rapporteringsarbeid. I tillegg er historisk vedlegg til rapporten utarbeida av parkforvaltar Gry Mørk.

NILSA-MARTA NAUSTET – BAKKA.



- Objekt:** Nilsa-Marta-naustet frå byrjinga av 1800-talet. Del av større strandsitjarmiljø i strandsona Langs Nærøyfjorden, såleis veldig eksponert. Steinbygd naustrom i underetg + høyløft i lafta rundtømmer.
- Tiltakshavar:** Eigar Svein Tufte, Bakka.
- Tiltak/handling:** Restaureringsprosjekt. Stor grad av utskifting, sikring av grunnmur, tømmerkasse, golv så vel som tak pga. slitasje og skade. Tekke heile taket med rastaheller.
- Målsetjing:** Base for Kystled Nærøyfjord (Indre Sogn Kystlag). Naustrommet skal verte nytta som naust, høyløftet til lagring av materiell, reiskap og div. anna tilhøyrande Kystleden. Del av satsinga på å ivareta kulturminnekvatitetane i verdsarvområdet og å få dei inn i ny, verdiskapande bruk. Utvikling av samarbeids-/avtalemødellar: Verdsarvparken har utforma avtale om bruk mellom eigar og Kystled Nærøyfjorden/ Verdsarvparken. Naust-prosjektet er lekk i satsing på bærekraftig utvikling i grendene langs fjorden, det å skape bærekraftige reiselivsopplevingar i verdsarvområdet og det å skape gode møter mellom lokalbefolkning og gjester/turistar.
- Aktørar:** Eigar, Kystled Nærøyfjord, NVP
- Finansieringskjelder:** KMF, SMIL, S & Fj. Fylkeskommune, Stiftelsen UNI
- Gjennomføring:** Oppstart 2008 og sluttrapportering haust 2010. Lengre tid en planlagt grunna personellmangel hjå utførande handverkar.
- Verdiskaping/resultat:** Naustprosjektet har medført økonomisk, miljømessig og sosial verdiskaping. Økonomisk verdiskaping gjennom leigeinntekter frå Kystled Nærøyfjord. I tillegg har eigar teke på seg ansvaret med utleige av to av Kystledbåtane i kommunen mot ein viss godtgjersle. Restaureringsprosjektet ivaretek miljømessige verdiar gjennom ei oppgradering av strandsona (oppmuring av kant mot fjorden, ny flytebrygge, opprydding). Kulturell og sosial verdiskaping gjennom ivaretaking av strandsitjarmiljøet og strandområdet det høyrer til, som har både opplevings- og identitetsverdi.
- Bidrag frå NVP:** Rådgeving i samband med finansiering, søknadsarbeid og prosjektoppfølgjing/rapportering.

ODDASTOVA – OTTERNES BYGDETUN.

Objekt: Oddastova, eit av 27 hus ved Otternes bygdetun.

Tiltakshaver: Aurland kommune v/ Otternesstyret.

Tiltak/handling: Restaureringsprosjekt. Fjerning av innvendig panel frå 70- og 80-tallet for å få fram panel frå 1700-tallet eller første del av 1800. Vindaugsforing, fjerning av linoleum på gulv. Ny ytterdør i stil med anna ytterdør på huset. Skorstein føres over tak, og peis tilbakeføres.

Aktørar: Driftsansvarlig Laila Kvellestad, Aurland kommune, Otternesgruppa/styret for Otternes, ANKA-nettverket, Nærøyfjorden Verdsarvpark m. fl.



Utsikt til verdsarven frå Otternes. Foto: NVP

Målsetjing: Serveringslokale og kontor. Restaurering av Oddastova skal styrke driftsgrunnlaget på Otternes. Stova skal i tillegg til å fungere som serveringslokale, som også skal kunne brukast vinterstid, tene som lokale for personalet (kontor, pause), samt gi Otternes gode lagringsforhold for mat. Otternes er ein viktig arena for bærekraftig natur- og kulturbasert verdiskaping, der det også drives tradisjonelt landbruk og skjøtsel av kulturlandskapet rundt tunet. Otternes målgrupper er barn og unge, lokalbefolkning, samt andre tilreisande til distriktet, fagfolk frå ulike bransjar/sektorar, næringsliv/småskalaprodusentar. Otternes er i sommerhalvåret arena for mange ulike aktivitetar og arrangement, i tillegg til å være ein stad for ro og idyll og godt vertskap.

Finansieringskjelder: KMF, Aurland kommune

Gjennomføring: Oppstart 2009 og slutføring haust 2010.

Verdiskaping/resultat: Økonomisk verdiskaping gjennom å betre tilrettelegging for å ta imot turistar. Istandsetting av serveringslokale og kontor vil generere inntekter til Otternestunet. Å legge betre til rette for drift vil og betre kårar for formidling av kulturarven på Otternes, og dermed bidra til kulturell og sosial verdiskaping. Miljømessig verdiskaping gjennom å ta vare på kulturmiljøet som Otternes er ein del av, og gjennom gjenbruk av bygningar og materiale.

Bidrag frå NVP: Otternes er ein av Aurlands viktigaste kulturskattar. NVP er ein pådrivar for god forvaltning av Otternestunet, slik at det vert teke vare på og utvikla på ein god og bærekraftig måte. NVP har engasjert seg i Otternes på fleire måtar: Har vært pådrivar overfor kommunen for å auke løyvingane til restaurering og tilrettelegging for drift og konsolidering av Otternesgruppa til eit styre. NVP har bidrege til kopling mellom Otternes og fylkeskommunen si kulturavdeling. Har bidrege i søknad om midlar til restaurering. Har inngått sekretariatsavtale med styret for Otternes, der NVP bl.a. får ansvaret for gjennomføring av søknadsprosessar og oppfølging/rapportering av prosjekt.



Foto: Asbjørn Ramsøy, Gudvangen. Krigsminna ligg i terrenget til venstre i bildet.

- Tiltakshavar:** Eigar Asbjørn Ramsøy, Gudvangen.
- Objekt:** Krigsminne på Ramsøy. Kulturminnet består av ei 400 m lang løpegrav i tørrmur, tre støypte bunkersar med tak, og tre opne bunkersar med skytestilling mot fjorden. Anlegget vart bygd av tyske troppar i perioden 1941-1943. Krigsminna ligg i eit intakt gardslandkap, slik det såg ut under 2. verdskrig. Innanfor verdsarvområdet, og del av landskapsvernområde.
- Tiltak:** Tilretteleggingsprosjekt. Rydding av vegetasjon og stein, samt gjenoppmuring av løpegrav, skogrydding, reinsking av bunkersane, produksjon og montering av skilt til kultursti.
- Aktørar:** Eigarar, NVP
- Målsetjing:** Sette i stand kulturminnet og gjere det tilgjengeleg for besøkande. Formidling av kulturminnet til turistar og lokalbefolkning ved hjelp av skilta kultursti og artiklar og informasjon på www.naroyfjorden.no og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Ein permanent sentrumsnær tursti skal være ein ressurs for reiselivsbedriftene i området og lokalbefolkning. Bevaring og formidling av kultur- og landskapsverdiar.
- Finansieringskjelder:** KMF, Aurland kommune, SMIL, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Aurland sparebank.

- Gjennomføring:** 2008-2009. Tiltakshavar har konsultert ressurspersonar med interesser for feltet og har sjølv lagt ned ein stor arbeidsinnsats, i tillegg har eigar gjort området tilgjengeleg for ålmenta. Mangel på handverkar med kompetanse innan tørrmuring førte til at prosjektet tok lengre tid enn planlagd.
- Verdiskaping/resultat:** Prosjektet legg til rette for formidling av kulturminnet. Bidreg til sosial og kulturell verdiskaping. Miljømessig verdiskaping gjennom tilrettelegging av miljøvenleg turtilbod til turistar.
- Bidrag frå NVP:** Rådgjeving og hjelp til planlegging og finansiering, prosjektadministrering, samt økonomisk bidrag.

RIMSTIGEN – BAKKA.



Døme på nytta turstiskilt.

Foto: NVP

Eit parti frå Rimstigen etter vel utført handverk av murarar frå Nepal.

- Tiltakshavar:** Bakka grendalag, ved Svein Tufte
- Objekt:** Den gamle stølsvegen Rimstigen på Bakka, Nærøyfjorden. Naturvernfreda(LVO). Kløvjevog mellom Nærøyfjorden og Jordalen/Fresvikjordalen. Brukt som stølsveg mellom Bakka, stølen Rimstigen, og fjellstølen i Breidalen. Kjent frå skriftlege kjelder tilbake til 1600-tallet, men kan ha vore i bruk allereie i mellomalderen.
- Tiltak:** Restaureringsprosjekt. Restaurering av utraste murar. Bolting og muring i tråd med tradisjonell metode for tørrmuring. Diverse tryggingstiltak.
- Aktørar:** Bakka grendalag, NVP, Statens Naturoppsyn og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, reiseliv, entusiastar (lokalbefolkning og feriegjestar).
- Målsetjing:** Prosjekt med fokus på ivaretaking av viktige kulturminneverdiar i verdsarvområdet, samt betre tilgjenge for opplevingar og formidling av natur- og kulturverdiane i området. Rimstigevogen er av stor verdi for profileringa av Nærøyfjordområdet, og vil som restaureringsobjekt framstå som eit fyrtårnprosjekt i samband med pilotprosjektet Nærøyfjorden verdsarvpark. I tillegg vil turvegen vere eit godt tilbod til lokalbefolkninga. Rimstigevogen vil framleis vere i bruk under det årlege arrangementet "Verdsarvturen." (www.verdsarvturen.no)
- Finansieringskjelder:** KMF, Bakka grendalag, NVP,
- Gjennomføring:** Planlagt oppstart i 2008, men pga. manglande kvalitet og framdrift vart avtale med handverkar avslutta. Starta opp i 2009 ved hjelp av sherpaer betalt av SNO. Sluttført haust 2010.
- Verdiskaping/resultat:** Som kulturminne i aktiv bruk, fungerer vegen som direkte formidling av kulturarven og naturen som er karakteristisk for området. Bidreg dermed til sosial og kulturell verdiskaping. Vegen vil bli sterkt profilert som turrute innanfor verdsarvområdet, og på den måten bidra til å styrke reiselivsprodukta i området og dermed bidra til økonomisk verdiskaping. Miljømessig verdiskaping gjennom tilrettelegging av miljøvenleg turtilbod til turistar. For 2011 ligg det føre planar om å arrangere motbakkeløpet Rimstigen OPP.
- Bidrag frå NVP:** Verdsarvpark har gjennom perioden hatt et tett samarbeid med Bakka grendalag om dette prosjektet – med planlegging, finansiering, administrasjon og oppfølging. NVP har gitt finansiell støtte til prosjektet, har utført praktisk skjøtselsarbeid i Rimstigen, i tillegg til å ha medvirka til mediemerksemd om prosjektet.

SJØBUA – UNDREDAL.

Objekt/status: Sjøbu tilhørende gardsbruk i Undredal. Vart kjøpt og flytta til Undredal etter at høgdegarden Horten vart fråflytta i 1865. Brukt som landingsplass, kai og lager. Grunnmuren er en viktig del av kulturminnet og utgjer saman med bygningen eit markant trekk i Undredal sin front motfjorden. Definert verneverdig av antikvarisk myndigheit.



Tiltakshavar: Eigar Bente Torgersen og Undredal grendelag

Tiltak/handling:

Restaureringsprosjekt. Demontering, registrering og oppmåling av laftekonstruksjon og tak. Mure opp att grunnmuren og sikre at fundamentet er i stand til å tåle slitasjen som bylgjene den store båttrafikken påfører bygget. Bygge opp att laftekonstruksjon og tak i egne lokale. Merke og flytte bygningen for montering på staden. Målet er å setje bygningen i stand til å tole bruk, regn og snø. I tillegg er det ønske om å få bygningen til å stå fram som eit klart vitne om den tidsepoke han representerer ved å fjerne ytre kledning frå nyare tid.

Aktørar:

Eigar, Undredal Grendelag (initiativtakar, sjøbua er utleigd til grendelaget i 20 år), NVP.

Målsetjing:

Skal fungere som base for organisert skjøtsel av kulturlandskapet langs fjorden. Dette inneber oppbevaring av aktuelle slåttereiskapar og til førebuing av aktiv slått slik som sliping av ljå. Sjøbua vil inngå som del av ei satsing i regi av Undredal Bygdeutvikling på utvikling av landskapsskjøtsel som opplevingsprodukt.

Finansieringskjelder:

Kulturminnefondet (2007), Sogn og Fjordane fylkeskommune, Stiftelsen UNI, dugnad, Undredal grendelag.

Gjennomføring:

Løyvde midlar frå KMF haust 2007 og slutføring haust 2010. Variabel tilgang til handverkskompetanse/materialkompetanse. Manglande dialog med Kulturminnefondet har ført til at antikvariske omsyn ikkje alltid har komme i fyrste rekkje. Stort læringspotensial for grendelaget, Verdsarvparken og KMF. Slutføring i god dialog med KMF.

Verdiskaping/resultat:

Stor sosial verdiskaping gjennom at prosjektet bidreg til fellesskap i bygda, samhandling/samarbeid og lokalt engasjement. Kulturell verdiskaping gjennom ivaretaking av kulturminneverdiar og formidling av lokal identitet, kunnskap og historie knytt til kulturarven. Miljømessig verdiskaping gjennom å bidra til eit godt kulturmiljø. Økonomisk verdiskaping gjennom rimelege leigekostnadar for grendelaget til oppbevaring av div. reiskap som vert nytta til skjøtselsprosjekt.

Bidrag frå NVP:

Rådgeving og hjelp til planlegging og finansiering, prosjektadministrering, samt handverkstenester.

SKOGASTOVA – DYRDAL.



Skogastova før demontering. Foto: NVP

- Objekt/status:** Lafta seterstove frå 1838. Del av Nærøyfjorden landskapsvernområde og verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.
- Tiltakshavar:** Eigar Arild Dyrdal, Kongsberg.
- Tiltak:** Restaureringsprosjekt og kurs. Demontering og transport til laftehall der skadde veggstokkar, åsar, golv, dører, vindauge, listverk skal skiftast ut eller restaurerast. Fundamenta vert sette i stand, bygningen gjenoppførast med kledning og tak forberedast for tekking med torv.
- Aktørar:** Eigar, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Fylkesmannen/SNO
- Målsetjing:** Stova og området som den er en del av skal leggest til rette for bruk for folk som ferdast og bur i verdsarvområdet og kan fungere som utgangspunkt for historieformidling. Del av satsinga på å ivareta kulturminnekvatitetane i verdsarvområdet, samt å gjere tilgjengeleg og formidle disse kvatitetane overfor ålmenta i aukande grad. Restaurering av stova vil gå hand i hand med skjøtselsprosjekt på Skogane, samt rydding og merking av sti dit. Arbeidet med Skogastova er lekk i satsing på bærekraftig utvikling av/ i grendene langs fjorden.
- Finansieringskjelder:** KMF, tilskott til kulturminne på verdsarvlista (72.9), Stiftelsen UNI, NVP, SMIL, Fylkesmannen, dugnad og private midlar. Stipulert totalkostnad 502 500,-
- Gjennomføring:** Avslag frå KMF vår 2009, løyvd tilskot haust 2009. Stova vart dokumentert og demontert vår 2010 gjennom kurs. Frakta ut med helikopter og skal etter planen restaurerast vinteren 10/11 i laftehall. Planlagt slutført i 2011.
- Verdiskaping/resultat:** Prosjektet har godt potensial for kulturell og miljømessig verdiskaping. Prosjektet vil trulig innebere ei indirekte økonomisk verdiskaping, i og med at det fyrst og fremst vil bidra til å auke opplevingstilbodet i området, men det vil være mogleg å legge opp til bruk av stova mot målgrupper/ kundar som vil generere meir pengar.
- Bidrag frå NVP:** Løyvd inntil 46 000,- i form av kontantbidrag eller handverksfaglege tenester. Hjelp til søknadsarbeid og prosjektadministrasjon. Gjennomføring av kurs i dokumentasjon og registrering ved restaureringshandverkar Magnus Wammen.

* Parkforvaltar kulturminne og formidling.

Verdsarvparken har frå starten av VSP kulturminne hatt ein eigen prosjektmedarbeidar knytt til kulturminnesatsinga . I byrjinga tilsett i 60% men etter kvart som aktiviteten har auka utgjør denne stillinga i dag 100%.

Dei mest sentrale oppgåvene for parkforvaltaren så langt har vore gjennom samarbeid med eigar- og bruksinteresser å motivere og medverke til gode og kvalifiserte prosjekt, framhjelp av søknader til kulturminnefondet og andre finansieringskjelder. Innhenting, samordning og koordinering av dokumentasjon samt oppfylging og rapportering i etterkant. I tillegg vere ein samtale- og drøftingspart med tanke på bruk, verdiskaping og formidling. Eit arbeid som til tider er svært krevjande.

Samstundes har vi fått tilbakemeldingar frå prosjekteigarar som nettopp trekkjer fram tilgjengeleg kompetanse på fagfeltet og verdien av den samordnande funksjonen til Verdsarvparken . Fleire peikar på at byråkratiet i Noreg har for mange dører, det er vanskeleg å få oversikt over kva for ordningar som eksisterer i tillegg til at det er spreidd på for mange aktørar.

* Restaureringshandverkar

Tilgang på restaureringsfagleg kompetanse er ofte ein særskild viktig faktor, i mange tilfelle avgjerande, for at tiltakshavarane faktisk gjennomfører og til slutt lukkast med istandsetjingsprosjekta. Kunnskap og kjennskap til korleis sjølv arbeidet skal utførast for å sikre og ta i bruk kulturminneverdiane på best måte er ikkje alltid tilstades hjå tiltakshavar/ prosjekteigar.

Tilgjengeleg kompetanse hjå lokale/regionale tømrarar og handverkarar varierer etter oppdragsmengd og kan vere svært vanskeleg å tufte eit krevjande restaureringsprosjekt på.

Med grunnlag i veksande røynsler frå kulturminnesatsinga ynskte Verdsarvparken å knyte til seg ein allsidig restaureringsfagleg person/ ressurs som var tilgjengeleg for prosjekta innan regionen og som kunne yte handverksfagleg hjelp til tiltakshavar. Gjennom både fagleg støtte/ råd, planlegging, prosjektering , oppfylging og praktisk hjelp/ handverkartjenester sikre både gjennomføring og utføring.

Søknad om delfinansiering av eit 1-års engasjement i 100% fekk tilslutnad over ordninga "Tilskot til kulturminner på Verdsarvlista" i 2009. Magnus Wammen byrja i stillinga som restaureringshandverkar februar 2010 og tilførte Verdsarvparken ein auka og breiare kompetanse i høve den samla kultminnesatsinga.

* Restaureringsplanar

Verdiane av kulturminna og kulturmiljøa i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandlandskap er omtalt og skildra i ei rekkje dokument og planar. Forvaltningsplanen for verdsarvområdet trekkjer m.a fram fylgjande forvaltningsmål : " Kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på for framtida. I konkrete tilfelle må det vurderast om kulturminna skal få "ligge i fred" og evt. gro til med vegetasjon som vil ha ei skjermende effekt, eller om dei skal sikrast, restaurerast og /eller tilretteleggast for bruk og oppleving. Det skal ligge kulturminnefaglege vurderingar til grunn for alle tiltak. (jfr. pkt. 4.3)

Den fråflytta fjellgarden Nedbergo som ligg fritt til over Aurlandsfjorden, har eit særmerkt bygningsmiljø og landskap. Frå fleire kantar er det teke initiativ til både istandsetjing/ restaurering av bygningsmiljøet utan at dette har resultert i noko heilskapeleg plan over status, kostnad og realistisk gjennomføring/ restaurering.

Verdsarvparken har under VSP kulturminne teke ei aktiv rolle og gjennom ein felles prosess med eigarsida starta opp arbeidet med ein samla plan for restaurering. Prosessen kring bygningsmiljøet er samkøyrd med Fylkesmannen sitt arbeid kring ein eigen skjøtselplan for kulturlandskapet på Nedbergo. Planen vert ferdigstilt januar 2011.



Tunet på Nedbergo.

Foto: NVP



Dyrdal med rekkjetunet oppe til venstre.

Foto: NVP

Den fråflytta grenda Dyrdal er ein del av verdsarvområdet men ikkje ein del av verneområda. Grenda har eit karakteristisk og særmerkt tun- og bygningsmiljø som det er utfordringar knytt til når det gjeld både ivaretaking og bruk.

Gjennom arbeidet med ein eigen reguleringsplan for området vart det gjennom stadanalysen (2007) peika på *".. at klyngetunet oppe på platået er ein viktig del av Dyrdal sin identitet og er i si heilheit kanskje det viktigaste skjøtselobjektet i grenda"*.

Eit av måla med reguleringsplanen var m.a. å sjå korleis ein kan møte eit aukande ynskje frå eigar- og brukarsida om nybygg/ bygging av fritidsbustader.

I reguleringsplanprosessen vart det frå fleire hald spelt inn oppmoding og ynskje om å utarbeide ein status- og tiltaksplan for klyngetunet kor ein m.a. ser på kva verdiar det er snakk om, kva som også her er realistisk i høve til evt. restaurering og korleis tunet/ bygningane kan setjast i ein bruk som både teke vare på bygningsmassen og som møter eigarane sin trong.

Verdsarvparken har og her teke eit initiativ overfor eigarane og er no i ferd med å avslutte ein planprosess som omtalt over.

I tillegg har, etter initiativ frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga, Verdsarvparken starta opp arbeidet med ein samla restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden. Denne planen vil kun omfatte bygningar/ bygningsmiljø i verdsarven og er som siktemål å vere ei aktiv oppfylgning forvaltningsplanen sine mål på kulturminnesida.

Delmåla elles vil vere:

- Gje ei god oversikt over den verneverdige bygningsmassen i verdsarvområdet
- Gje ei prioritering av bygningane sin verneverdi
- Gje ei oversikt over tilstanden til dei verneverdige bygningane
- Skape entusiasme for å ivareta den bevaringsverdige bygningane
- Skape engasjement for dei bevaringsverdige bygningane.

Dei ovannemnde planane har alle som eit overordna mål å medverke til ei meir planmessig og prioritert istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet slik at ivaretakinga av bygningane der kan vera eit eksempel på beste praksis. Dokumenta er meint å vere eit verktoy for både eigarar og forvaltning.

Verdsarvparken sin restaureringshandverkar i lag med parkforvaltar kulturminne er sentrale ressursar i dette arbeidet som er delfinansiert med midlar frå ordninga *"Tilskot til kulturminne på verdsarvlista"* i 2009 og 2010.

3. Stadformidling, vertskapsutvikling og læring

Verdsarvparken satsar på utvikling av verktøy som kan medverke til betring av møtet mellom fastbuande og tilreisande. Dette ser vi føre oss kan løysast med 1) å bygge opp kunnskap, kompetanse og stoltheit hjå dei som bur i Verdsarvparken og 2) å møte turistane med godt vertskap og god formidling av verdiane.

Dette er ei satsing som **går rett i nerven på** Verdsarvparken sin visjon " **Verdiskaping skjer i møtet**" samt ei langsiktig satsing på Verdsarvparken som vertskapsregion.

MÅL:

Verdsetting og god forvaltning
Landskaps- og kulturminneskjøtsel
Utvikling av lokal næring
Busetnad og livskvalitet
Samordning og koordinering

SATSING / TILTAK:

Stadformidling, vertskapsutvikling og læring

Innsats og tiltak:

*Bygdevertkurset

Kurset "*Bli bygdevert!*" er utvikla i gjennom eit samarbeid mellom forum for vertskap og Verdsarvparken, og er eit døme på korleis kunnskap og stoltheit kan byggast lokalt. Kursa har vist seg å vere eit attraktivt tilbod der det har vore arrangert. Frå oppstart og fram til no er det køyrd over 3 sesongar (haust/vår) med 8 dagssamlingar for kvart kurs . Om lag 50 stk . har gjennomført så langt. 9 ulike forelesarar har halde kurs på 13 ulike stader i Aurland kommune.

Med grunnlag i evalueringar vert kurset frå og med komande sesong vidareutvikla både med tanke på innhald og lokalisering. Kurstader vert ma. lagt til og dei andre grendenee/ kommunane samstundes som det vil bli arbeid vidare med ein modell/ pedagogisk opplegg for skuleverket og for vertskap i turistverksemdar. Det er og sett i gang ein prosess med Høgskulen i Sogn og Fjordane for å få bygdevertkurset godkjend som kompetansejevande.

Nokre prinsipp for Bygdevertkurset.

1. Bygje identitet og stoltheit.
 - a. Innføring i kva Verdsarvparken er og står for skal vera ein fast bolk i bygdevertkurset
 - b. Innfallsvinkelen er "landskapet vårt - det kjende". Vi lærer det generelle gjennom å fokusere på det spesielle.
2. Stimulere deltakarane til å bli trygge formidlarar og vertskap i tråd med mottoet "verdiskaping skjer i møtet".
3. Bli kjend! Bruke heile området i Verdsarvparken som skulestove. Servering hjå bedrifter som får presentere sin "lokale mat".
4. Dyktige og tunge forelesarar.
5. Både ute og inne undervising på kvar samling.
6. Heildagssamlingar på dagtid.
7. Omfang samlingar ;8.



Innhald i bygdevertkurset:

Veksler tematisk mellom ei lang rekke fagområde innan landskap, natur - og kulturhistorie, vertskapskultur/kompetanse, formidling (interpretasjon/stadkjensle), utvandringshistorie samt basiskunnskap om Verdsarvparken. Det betyr at innhaldet vert forskjellig frå år til år.

Oppbygging av kunnskap om eigne verdiar kan òg som nemnt løysast gjennom undervisning i skulen, der undervisningsopplegget kan tilpassast læreplanane. Det finst m.a. kompetanse og engasjement på dette området i Fresvik og på Sogn jord- og hagebruksskule ved Ressurssenteret, der eit prosjekt i stadbasert læring er under utvikling.

Verdsarvparken samarbeider med desse partnarane om å utvikle opplegg som i større grad tek området i bruk i samband med opplæringa.

Verdsarvparken arbeider og for å styrke forståinga av og tilknytninga til verdsarven gjennom ein norsk tilpassa variant av den engelske metodikken "sense of place" og "interpretation".



Randi E. Eide, Sivle Gard, er vert for vitjing frå Høga Küsten/Kvarken. Foto: NVP og såleis kunne vere gode representantar for heimstaden sin. Dette gjeld både bonden, han som møter deg i kassa på butikken og dei tilsette på hotell og spisestader.

* Strategi for stadformidling

Stadformidling, den norske utgåva av interpretasjon, handlar om prosessen rundt avdekking, omsetjing og tolking av ein stad for å skape meningsfulle opplevingar av staden for t.d. tilreisande. Verdsarvparken vil ha dette fokuset i sitt arbeid med planlegging og iverksetjing av konkrete formidlingstiltak. Strategien etablerer grunnlag for ein samla formidlingsplan.

Begge dokumenta ligg ved denne rapporten i den form dei har i dag.

* "Sentrum for stadformidling"

Verdsarvparken har i samarbeid med partnar Aurland Naturverkstad teke initiativ til utvikling og drift av enkel informasjonsportal og infonettverk for faglig informasjon om stadformidling gjennom etablering av ei enkel nettside med bruk av bloggverktøyet wordpress www.stadformidling.no eller www.stedsformidling.no Vidare er det eit mål etablere ei Facebookside for stadformidlingsmiljøet

Her vil ein samle informasjon om relevante lenkjer, personar og ressursmiljø (som interpret Europe, Association for Heritage Interpretation, Centrum for Naturvægledning, Forum for Naturoppsyn etc) og kor det på sikt vert høve til å melde seg på ei liste for nyhendebrev på nettsida. Nettsida er oppe og går men er enno under utvikling.

* Formidlingsverkstader

Verdsarvparken arrangert vår og haust 2009 fleire stadformidlingsverkstader kor kursdeltakaren fekk ei innføring i tematikken gjennom James Carter (www.jamescarter.cc/) sin foredrag og praktiske

* Verktøykasse for vertskap

Utkast til "Verktøykasse for stadkjensle", seinare kalla "Verktøykasse for vertskap" og ein strategi for stadformidling er utarbeidd i 2010. Målet med verktøykassa er å hjelpe lokale næringsdrivande til å få betre grep om verdiane i sitt nærrområde, slik at desse kan nyttast inn i deira eigne produkt samstundes som kunnskapen vil medverke til fokus på berekraft i næringa.

Verktøykassa skal på same tid vere eit hjelpemiddel for at alle innbyggjarane i området skal bli meir fortrulege med vertskapsrolla

øvingar. Stadformilding/ interpretasjon var og ein sentral del av Bygdevertkurset 2009/2010. Målet er at liknande verkstader vert gjennomført i dei andre grendene etter kvart.

* Fjordsenter på nett

Verdsarvparken har etablert heimesida www.naroyfjorden.no som eit "Fjordsenter på nett"; ein kunnskapsbase om fjordkulturen samt eit sentralt reisepåbod i formidling av Verdsarvparken i ei vid tyding. 2. generasjon nettside tilpassa satsingsområdet vår i dag er under utvikling og vert truleg relansert overgang november desember dette år.

Verdsarvparken har og som eit forsøk etablert ei eiga Facebook - side kor vi opplever ein aukande aukande interesse og respons på. Ser ut til at vi på denne måten kjem i kontakt med mange som elles ikkje er inne på ordinære nettsider.

4. Skjøtsel og tilrettelegging.

Verdsarvparken satsar tungt på landskaps- og kulturminneskjøtsel som eit ledd i ivaretakinga av verdsarvverdiane noko som m.a. vert synleggjort gjennom etablering av ei parkforvaltarstilling i 2009. Satsingsområdet har fått ei ekstra tyngd gjennom vår deltaking i Direktoratet for naturforvaltning sitt verdiskapingsprogram: "*Naturarven som verdiskaper*".

MÅL:

Verdsetting og god forvaltning
Landskaps- og kulturminneskjøtsel
Utvikling av lokal næring
Busetnad og livskvalitet

SATSING/TILTAK:

Skjøtsel og tilrettelegging

I tråd med Verdsarvparken sin arbeidsmetode som regionalpark prøver vi innafor satsingsområdet kulturlandskap å organisere prosjekt med stor grad av samhandling mellom aktørar for å oppnå betre og samlande resultat for kvart prosjekt.

Dei ulike grendalaga har vore brukt som fellesforum og utgangspunkt for tiltak (Dyrdal, Fresvik, Bakka). Grendalaga er som oftast tiltakshavar og ansvarleg for gjennomføring for dei ulike prosjekta (her under framtidig vedlikehald). Alle tiltak er eit resultat av koordinering av fleire økonomiske verkemiddel og innsats.

Dette er ein arbeidsmetode og tilnærming til ulike tiltak som har vidareføringsverdi og er ikkje avgrensa til verdsarvparken sitt arbeidsfelt eller verdsarvområdet si geografiske avgrensing (sett vekk frå enkelte økonomiske verkemiddel). Parkforvaltarane har tileigna seg kunnskap om planlegging, koordinering og gjennomføring av prosjekt som kan vidareførast til andre område.

Val av skjøtselområde byggjer i stor grad på innspel frå grunneigarar, grendalag, grunneigarlag. SNO har vore ein viktig samarbeidspart ift. å koordinere prosjekt i høve til vernereglar. Prosjekt har vore finansiert med midlar frå ulike hald, både SMIL, forvaltningsmidlar, tiltaksmidlar og parken sine egne midlar.

Stiprosjekt, beitetiltak og bygningsrestaurering har vore forsøkt sett i ein samheng. Grunneigarar, lag og organisasjonar har sett pris på parken si rolle som mellomledd til forvaltning, då enkelte kan oppfatte dette som vanskeleg.

Prosjekta der Verdsarvparken har ein aktiv samarbeidspartnar i for eksempel grendalag/bygdalag og grunneigar er dei som gir best resultat. Vellukka prosjekt gir og ringverknader ved å for eksempel gjere parken betre kjent og initiere liknande prosjekt i andre bygder.

Innsats og tiltak:

* Sti og løypesatsing

Innhaldet i sti og løypesatsinga byggjer dels på innspel/ynskjer frå forskjellige partar, dels på parken sine egne initiativ i samråd med grunneigarar.

Verdsarvparken hadde sommaren 2010 to unge sommarhjelper tilsett i ein måned. Tida vart nytta til arbeid på stiar i Dyrdal, Fresvik og på Bakka, og til skogrydding i Fresvik. Verdsarvparken var arbeidsgivar og hadde dagleg oppfyljing av ungdomane. Det viser seg at det er stort behov for planlegging og tilpassing av oppgåver for å få dette til å fungere bra.

I 2010 har Verdsarvparken hatt administrasjonen og oppfyljing av restaureringsarbeidet på kløvjevegen til Rimstigen. Bakka grendalag har vore prosjekteigar og oppdragsgjevar til sherpaane som utførte arbeidet. Juli 2010 var restaureringsarbeidet i høve den opprinnelege planen ferdigstilt. Rimstigvegen har blitt skilta etter mal for verdsarvområdet. Stien frå Bakka over fjellet til Dyrdal vert årleg vert nytta til arrangementet Verdsarvturen. Verdsarvturen hadde i 2010 rundt 100 deltakarar.



Sherpaer frå Nepal under arbeidet på Rimstigen 2010 Foto: NVP

Prosjektet Jonadalsvegen er eit prosjekt inspirert av arbeidet på Rimstigen. Jonadalen er ein nedlagt støl til gardar i Undredal, og vegen er i dag ei av DNT-rutene til Grindaflethytta. Planen er her å mure opp ein del av den gamle stien, der det opprinneleg var lagt trestokkar. Arbeidet er tenkt starta opp hausten 2010. Sommarhjelpene brukte delar av tida til utbetring og graving av denne stien.



Sommarhjelper på Jonadalsvegen. Foto: NVP

Med bakgrunn i eit ynskje frå grunneigar var det i handlingsplan for 2010 lagt inn eit planarbeid for istandsetjing av gamal gardsveg i Nærøydalen. Etter synfaring synt det seg at stien kanskje ikkje er eigna for meir tilrettelegging .



På veg til Solbjørge i Nærøydalen - Kristoffer Hansen i SNO og kjentmann Åsmund Ohnstad

Handadalen



Sommarhjelpene Sigbjørn og Une i arbeid i Handadalen Foto: NVP

Ei av oppgåvene sommarhjelpene brukt mest tid på var rydding av stien i Handadalen mellom Dyrdal og Fresvik. Forslaget om å rydde vegen i Handadalen kom frå ein av partnerane til Verdsarvparken , Fresvik bygdelag. Sommarhjelpene arbeidde på eige hand og det vart leigd overnatting i eit sel frå ein grunneigar. Etter at stien har blitt rydda har det på initiativ frå grunneigarane blitt lagt bru over ei elv som må kryssast. Vidare skal stien skiltast etter mal for verdsarvområdet.

Skjøtselstiltak

Kulturlandskapsprosjekt er ofte tiltak retta mot å hindre attgroing, eller opne opp område som er attgrodd. Kulturlandskap gror att pga. opphøyr av normal drift. Dette har det vore forsøkt gjort noko med i fleire beiteprosjekt. Det største tiltaket var i Dyrdal i Nærøyfjorden. Her vart det sett opp 1500m gjerde for å kunne beite med sau. Prosjektet har vore vellukka.

Tiltaket var ei samfinansiering mellom Fylkesmann, kommune og verdsarvmidlar. Tiltaket omfattar mange grunneigarar og vart handtert av Dyrdal grendalag. Prosjektet har ført til at fleire kjem med forslag om liknande prosjekt andre stader i verdsarvområde. Desse forslaga har vore handtert av Verdsarvparken.



Inngjerda beiteområde i Dyrdal

Foto: NVP

I Fresvik har det blitt gitt støtte til beitetiltak som både fylgjer skjøtselsplanen utarbeidd for området og oppfyller parken sitt mål om tiltak med allmenn verdi. I tillegg til å halde landskapet ope gir tiltaka betre turmoglegheiter i nærområdet. Sommaren 2010 arrangerte Verdsarvparken saman med SNO og Fylkesmannen ei felles synfaring med dei forskjellige tiltakshavarane.

Tiltaka har blitt delfinansierte med krav om eigeninnsats. Til desse prosjekta har parken sitt bidrag vore samansett av økonomisk bidrag og arbeidshjelp (sommarmhjelpene som nemnt ovanfor).



Felles synfaring i Tundalen, Fresvik

Foto: NVP

Det er lagt opp til eit nært samarbeid med skulane. For arbeidsområdet kulturlandskapet er målet å ta skulane aktivt i bruk til skjøtselstiltak (i tillegg til eit generelt mål om å trekke skulane sin aktivitet inn i verdsarvområdet og spreie kunnskap om verdsarvområdet).

I 2010 er det gjennomført opplegg med Aurland Barne Ungdomsskule , Sogn Jord- og Hagebruksskule og Steinerskulen (samt 2 opplegg som ikkje vart gjennomført pga. sjukdom). Opplegg med skulane har ma. har blitt brukt til å fylgje opp tiltak i skjøtelsplan for Stokko (Undredal) og Fronnes.



Klasse frå Aurland Barne og Ungdomsskule i arbeid

Foto: NVP

Skilting, merking og informasjon

Verdsarvparken har utarbeidd ein eigen skiltmal for informasjonsskilt og turskilt; dette i fellesskap med Geirangerfjordområdet. Det er lagt vekt på god kvalitet og holdbarheit, med mål om ein felles utforming for heile verdsarvområdet. Arbeidet med oppsetting av skilt har byrja, men det står framleis ein del att. Verdsarvparken avtaler med leverandørar av skiltmateriell som oppfyller dei krav som er sett til det. Monteringsarbeidet vert utført av eigne tilsette.



Skilt ved Skarsvotni, ein av kvilestadane på verdsarvturen

Foto: NVP

Arrangement

Verdsarvparken har støtta fleire arrangement. To av dei er Åreleiken 2010 og Verdsarvturen 2010. Åreleiken er eit paddlearrangement på Nærøyfjorden initiert av partner , Dee Cunningham og Hege Strømme. Dei fekk hjelp til arrangering og gjennomføring av Åreleiken.

Verdsarvturen er ein årleg turmarsj frå Bakka til Dyrdal. NVP har lagt mykje arbeid i restaureringsarbeidet på Rimstigen (som er del av denne turen) og vart spurt om å delta med mannskap for tryggleik under turen.

Verdsarvturen samla 100 deltakarar i 2010.



Delar av turfylgjet på veg mot Breiskrednosi

Foto: NVP

RESULTAT.

Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram har medverka sterkt til etablering av stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark som eit heilskapeleg og regionalt verktøy for natur- og kulturbasert samfunnsutvikling. Gjennom programperioden på om lag 4,5år har satsinga gått frå eit prosjekt til ein etablert organisasjon og samarbeidsform.

Det er så langt lagt ned eit omfattande og tidkrevjande prosessarbeid i ulike samanhengar og med mange involverte for å sikre forankring og eigarskap. Fleire strategi- og styringsdokument er utarbeidd og etablerer felles ståstad samt gjev retning for eit samarbeid om ei berekraftig utvikling i Verdsarvparken. Samarbeid om årlege handlingsplanar gjev dei langsiktige satsingane innhald. Partnerskapet/ partnerane medverkar i større og større grad til oppfylging og gjennomføring. Kulturminnesatsinga har vore og vil frametter vere ei sentral satsing i Verdsarvparken.

Status programslutt er at Verdsarvparken er på veg i høve til sine fremste målsetjingar om å :

- vere pådriver for ein natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen til Nærøyfjordområdet.
- koordinere og samordne den samla innsatsen i forhold til verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet.
- skape møteplasser og utvikle partnerskap/ fellesskap mellom et vekslende mangfold av aktører og initiativ som fremmer parken sitt føremål.
- arbeide for utvikling av vertskapsrolla slik at ein fremjar ein meir verdiskapande kommunikasjon mellom lokalsamfunnet og omverda.

Vi ser samstundes at det er eit godt stykke arbeid att knytt til m.a. pågåande prosessarbeid lokalt og regionalt for å sikre og styrke forankring og fellesskap, samordning og samhandling. Nokre av satsingane inneber endringar i både kultur/ haldningar og vil gjerne ha eit tidsperspektiv som strekkjer seg over ein generasjon. (Jfr. Vertskapsatsinga.)

ØKONOMISK OVERSYN

| Nr. | Finansiering | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|-----|--|----------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| 1. | Riksantikvaren - VSP Kulturminne | 180 000 | 800 000 | 900 000 | 1 100 000 | 750 000 |
| 2. | Riksantikvaren - Tilskot til kulturminne på Verdsarvlista | | | | 545 000 | 1 120 000 |
| 3. | Sogn og Fj. fylkeskommune - kulturutviklingsmidlar | | 200 000 | 210 000 | 200 000 | 0 |
| 4. | SFFK - regionale utviklingsmidlar | | | | 200 000 | 400 000 |
| 5. | Verdsarvrådet/ Sekr. for Vestnorsk fjordlandskap | | | | 565 000 | 1 207 400 |
| 6. | BU- midlar tilretteleggingstiltak/ Innovasjon Norge/SiVA | | 600 000 | 500 000 | 0 | 100 000 |
| 7. | Kommunane - Midlar frå næringsfond/ samfunnsutviklingsmidlar | | | | | 250 000 |
| 9. | Overførte midlar - VSP Kulturminne/ Kommunar mv. | | 262 000 | | 0 | 205 000 |
| 11. | Eigeninnsats frå partnarane/ sal av tenester/eigenbetaling | | 30 000 | 132 000 | 56 000 | 0 |
| 12. | Aurland Næringshage/ Alliansen SAKTE/ | | | 970 000 | 223 000 | 0 |
| 13. | Regionalt Næringsfond (Aurland, Lærdal og Vik kommunar) | | | | 0 | 50 000 |
| 14. | KRD - Småsamfunnssatsinga | | 300 000 | | 300 000 | |
| | Sum finansiering (avr.) | 180 000 | 2 192 000 | 2 712 000 | 3 189 000 | 4 082 400 |

Merknader:

- Samanstillinga gjev eit relativt godt bilde av ei øving i samfinansiering mellom etterkvart mange aktørar, men der det samstundes er tydeleg at Riksantikvaren direkte gjennom VSP'n, og indirekte gjennom andre tilskotsordningar, er den berande samarbeidsparten. Når det er sagt så er vår erfaring at dette samla sett ein for tid- og ressurskrevjande måte å etablere økonomi til gjennomføring av prosjekt/ tiltak.

For orden skuld nemner vi og at denne oversikten ikkje syner heile bildet andsynes Verdsarvparken sin inngåande prosjektøkonomi, men kunn den delen som er relevant i høve til VSP Kulturminne. Tala for 2010 er og førebels og utan rapportert eigeninnsats frå partnarane.

Vedlegg:

1. Handlingsplan 2010.
2. Program Bygdevertkurs 2010/2011.
3. Verktøykasse for Vertskap
4. Stadformidlingsstrategi



Bakgrunnen for Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er Regjeringens ønske om å satse på utvikling av lokalsamfunn og næringsvirksomhet med utgangspunkt i kulturminner og kulturmiljøer.

Verdiskapingsprogrammet har hatt tre hovedmål:

- Bruke kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regioner
- Ta bedre vare på kulturarven.
- Utvikle og spre kunnskap om kulturarven som ressurs.

De elleve prosjektene som ble plukket ut er forskjellige når det gjelder både organisering og innhold. Pilotprosjektene ble valgt for å framskaffe gode eksempler på hvordan kulturminner og kulturmiljøer kan bidra til sosial, kulturell og økonomisk utvikling.

Verdiskapingsprogrammet avsluttes i 2010. Alle pilotprosjekter lager sine egne sluttrapporter. Riksantikvaren vil avgi sin rapport til Miljøverndepartementet i mars 2011.